

Oppdatering av naturtypar i delar av Rennesøy kommune



Hodne-Vikevåg og Helland-Bø / Fylkesmannen i Rogaland og Rennesøy kommune

Rune Søyland

Oppdatering av naturtyper i delar av Rennesøy kommune

Hodne-Vikevåg og Helland-Bø / Fylkesmannen i Rogaland og Rennesøy kommune

Ecofact rapport 332

www.ecofact.no

Referanse til rapporten:	Søyland, R. 2014. Oppdatering av naturtypar i delar av Rennesøy kommune. Hodne-Vikevåg og Helland-Bø/ Fylkesmannen i Rogaland og Rennesøy kommune. Ecofact rapport 332
Nøkkelord:	Kystlynghei, naturbeitemark, rik edellauvskog, tørrbakkesamfunn, raudlista artar, skjøtsel, framande artar
ISSN:	1891-5450
ISBN:	978-82-8262-330-8
Oppdragsgiver:	Rennesøy kommune/Fylkesmannen i Rogaland
Prosjektleder hos Ecofact AS:	Rune Søyland
Prosjektmedarbeidere:	
Kvalitetssikret av:	Audun Steinnes og John Inge Johnsen, Fylkesmannen i Rogaland
Samarbeidspartner:	Audun Steinnes, John Inge Johnsen og Erik Sten Larsen
Forside:	Nokre raudlista artar frå Rennesøy; Eikelav, smånesle, fjordknausing og grå narremusserong. Foto: Rune Søyland

www.ecofact.no

Innhald

Nr. 1 Longafjellet

Id: BN00004835

Områdenavn: Longafjellet

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming: Tørr lynghei D0701 og Fuktig lynghei D0703

Verdi: B

Utvald naturtype: Ja

Areal: 1695 daa

Undersøkt/kjelder: John Inge Johnsen og John Bjarne Jordal 2007, registreringar i Artskart. Feltregistrering av Rune Søyland 12.11.2012.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten vart fyrste gong registrert som kystlynghei i 1999. Området vart vidare undersøkt av John Bjarne Jordal og John Inge Johnsen i 2007, utan at registreringane vart lagt inn i Naturbase. Den gong blei verdien vurdert til viktig, med merknad om at avgrensingane burde justerast. Vestre del av lokaliteten vart undersøkt av Rune Søyland 12.11.2012, i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Skildringa er av Søyland i oktober 2013, basert på tilgjengelige opplysingar og eigne undersøkingar. Lokaliteten er delt opp i fleire lokalitetar for å skilje ut område som er fulldyrka mark eller klart gjødselpåverka. Mindre delar som er skilde ut lenger sør er avsette som nye lokalitetar.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar mykje av heiområdet mellom Eltarvåg, Austebøstemmen og Hanasand. Avgrensinga er gjort mot gjødsla beitemark, skog og område med kystlynghei som er gjengrodde, og er basert både på feltarbeid og avgrensing over ortofoto. Avgrensinga vert rekna som god. Berggrunnen består av *tonalitt til granodioritt, foliert, stadvis rik på inneslutninger* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Kystlynghei med både tørr og fuktig utforming, og med varierende innslag av fattigmyr. Kystlyngheivegetasjon med variert innhald av typiske arter: Røsslyng, heisiv, tepperot, klokkeling, kystmaure, finnskjegg, krekling, einer, bjønnskjegg, kornstarr og bråtestarr. Stadvis mykje knegras. I fuktige søkk finst små myrdrag med duskull, torvull, krypsiv, rundsoldogg og rome.

Artsmangfald: Av raudlista artar er vestlandsraggtelg funnen i austre del av området. Det er og funne ein interessant jamneart med uavklart artsstatus. Likeeins er området del av leveområde for hubro.

Framande artar: Sitkagran er i ferd med å spreia seg i området.

Bruk, tilstand og påverknad: Det er stor skilnad i hevdtilstanden. Nokre stadar er gjengroinga langt framskriden, andre stadar er det stort beitepress. Pågåande aktivitet med rydding, gjerding og innføring av beite att i vestre del.

Skjøtsel og omsyn: Tilpassa beitetrykk som held vegetasjonen i hevd er ynskjeleg. I delar av området må det ryddast og brennast for å restaurere og betre kvaliteten på lyngbeite. Inngrep, gjødsling og tileggsforing bør unngåast. Spreiing av beitetrykket slik at alle delar av området nyttast er ynskjeleg.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten er eit av dei største samanhengande områda med kystlynghei i kommunen.

Verdisetjing: Lokaliteten er stor og har store variasjonar i hevdtilstand. Det er ikkje registrert sjeldne artar som tilseier høgare verdi enn B. Det er truleg at fleire sjeldne artar tilknytt fattig kystlynghei finst i området. Ut frå noko varierende hevdtilstand er det vanskeleg å forsvare høgare verdi enn viktig.



Nr. 2 Førsvoll nord

Id: NY

Områdenavn: Førsvoll nord

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04, Kystlynghei D07, Beitemyr D02

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 323,9 daa

Undersøkt/kjelder: John Inge Johnsen og John Bjarne Jordal 2007. Registreringar i Artskart. Feltregistrering av Rune Søyland 03.10.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Han er skild ut som eigen lokalitet frå eit større område med kystlynghei, sidan lokaliteten i større grad er dominert av naturbeitemark og beitemyr enn kystlynghei.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar beitemark og beita myr på nordsida av Førsvollsgarden og Indra Førsvollsvatnet. Han er avgrensa mot skog i vest og nord, og delvis mot rein kystlyngheivegetasjon i nordvest. Mot sør er han avgrensa mot meir gjødselpåverka innmark og til dels fulldyrka mark. Avgrensinga vert rekna som god. Berggrunnen består av "tonalitt til granodioritt, foliert, stadvis rik på inneslutninger" (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Området er dominert av grasrik beitemark som stadvis går over i fattig kystlyngheivegetasjon, og fattig myr. Kystlyngheivegetasjon utgjer ein liten del, men førekjem i mosaikk mot både myr og naturbeitemark. Med unntak av spreidde furutre i delar av området, og sitkagran som har spreidd seg over store deler, er området opent og trelaust. Heile området er beita, sjølv om det har vore lågt beitetrykk dei siste åra. Det er store myrareal, og sidan det truleg er lang kontinuitet i beite er naturtypen beitemyr vald for myrareala. Myrareala er fattige, med flaksestorr, myrhatt og bukkeblad i fuktigare parti. Grasdominerte delar har store variasjonar, der både lågt beitetrykk og mogleg gjødselpåverknad kan forklare parti med mykje englodnegras. Andre delar har godt innslag av gulaks, finnskjegg og andre artar som indikerer lite gjødsling. Nokre parti har mykje ryllik, som kan skuldast noko forfall.

Artsmangfald: Det er mindre innslag av fuktig lynghei med bjønnskjegg, klokkelýng, røsslyng og andre fattige artar. Heilt i nordvestre del vart det funnen fagerperikum og raudlistearten sauevokssopp i oktober 2013. Seig vokssopp vart funnen spreidd i heile området, medan det berre i søraustre del vart funne fleire artar av beitemarkssopp, der ingen hadde høg indikatorverdi. På grunn av lågt beitetrykk er graset tett og registrering av sopp er noko vanskeleg. Jærsiv (NT) og bustsmyle (VU) er funne i vasskant/ sumpig strandbeite heilt sør i området (Artskart, Johnsen, 2012). I nordaustre del veks myrkråkefot som er regionalt sjeldsynt og har sin einaste kjente veksestad her i kommunen.

Framande artar: Sitkagran er i rask spreieing i store delar av lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Området har truleg lang kontinuitet som beitemark, der det meste nok har liten gjødselpåverknad. Det er i dag lågt beitepress, og fare for dårlegare tilstand som følgje av indirekte gjødselpåverknad og attgroing. Det er spreidd med einer i området, men denne betyr lite i høve til attgroing.

Skjøtsel og omsyn: Auka beitepress i vekstsesongen er sterkt ynskjeleg. Grassviing kan vere aktuelt for å motverke siste års låge beitepress. Ein bør prioritere å fjerne sitkagran frå lokaliteten, medan spreidde furutre og einarar bør få stå. Passande beitepress som held vegetasjonen i hevd er viktig for raudlisteartane som er registrert her. Det må ikkje gjødselast eller tilleggsforast.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av det heilskaplege kulturlandskapet på Førsvoll, der gamle gardsbygningar har blitt restaurerte.

Verdisetjing: Lokaliteten har jamt over noko dårleg hevd, og er prega av spreieing av sitkagran. Området har truleg stort potensial for sjeldne artar av beitemarkssopp og verdien er derfor sett som viktig.



Nr. 3 Hodne-Dale

Id: BN00004815

Områdenavn: Hodne-Dale

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming: Tørr lynghei D0701 og Fuktig lynghei D0703

Verdi: A

Utvald naturtype: Ja

Areal: 2242 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad,1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistreringar av Rune Søyland i 04.10.2012, 10.10.2012, 12.11.2012 og 19.06.2013. Feltregistrering av Erik Sten Larsen i nordre del sumaren 2013.

Områdeskildring

Innleiing: Avgrensinga vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995, tekst lagt inn i 2011 av Audun Steinnes, fylkesmannen på grunnlag av litteratur og andre kjelder, særleg John Inge Johnsen. Området er høgast prioritert i fylket i "Nasjonal registrering av kulturlandskap" av dei viktigaste i landet for naturmangfald. Fylkesmannen fekk etter dette utarbeidd ein omfattande dokumentasjon av natur – og kulturverdiar med framlegg til skjøtsel og forvaltning (Dagestad 1995). Sentral del av prioritert kulturlandskap frå 2009. Kommunen har fått utarbeidd skjøtelsplanar og forhandla fram avtalar med grunneigarane for det meste av dei viktigaste areala. Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylgjing av skjøtelsplanar og -avtalar for utvalde

kulturlandskapsområde på Rennesøy i 2012 og 2013. Avgrensing og skildring er endra i oktober 2013, mellom anna sidan området ser ut til å ha større verdi enn lyngheiområde på vestsida av Dalestemmen.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten er avgrensa som det samanhengande lyngheiområdet mellom Dalestemmen, Dalsfjellet, Heggland, Skjørvestad og Roaldstad, og er den største lokaliteten med kystlynghei som er avgrensa i kommunen. Fleire område som var lagt inn i lokaliteten i 1999 er skilde ut som eigne lokalitetar. Området er blitt undersøkt over fleire datoar, og grensene i nord er justerte etter registreringar utførde av Erik Sten Larsen. Grensene er justerte for å ta vekk område som heilt klart er fulldyrka jord. Avgrensinga er basert både på GPS og ortofoto, og vert rekna som god for det meste av lokaliteten. Grensene er i stor grad sette mot fulldyrka eller oppgjødsla mark, og plantefelt av sitkagran og andre bartre. Berggrunnen er amfibolitt og glimmerskifer - dette fører særleg til rikare jord i den sørvestvende brattkanten i sørvest og lausmassane nedanfor. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (O3t). Plataet er rikare på lausmassar enn det som er vanleg i kystlyngheiområde i fylket.

Naturtypar og vegetasjon: Vegetasjonen er kystlynghei med både tørr røsslynghei, fukthei og nokre myrar. Slik avgrensinga er sett no kjem det i sørvest inn mindre delar med sørvend tørrhei med purpurlyng. Viktigaste utformingar er tørr lynghei dominert av røsslyng, og fuktig lynghei med røsslyng, klokkelygng og bjønnskjegg. Vegetasjonen er fattig. Store delar austsida er brend i fleire omgangar, og det er og brent noko på Daleheia i 2013. Yngre brannfelt framstår som gras- og urterik hei, og har mange stader overgang mot naturbeitemarksvegetasjon.

Artsmangfald: Av raudlisteartar er det funnen skotsk augnetrøst DD, purpurlyng NT, torvsåtemose VU og raud honningvokssopp VU. Det føreligg og opplysningar om solblom VU frå seinare år, men denne er ikkje gjenfunnen. Det er i tillegg registrert kronblomsterflue EN. Det er registrert få raudlisteartar, men det er truleg godt potensial for å finne fleire artar av mellom anna insekt, mose og sopp knytt til kystlynghei med lang kontinuitet.

Framande artar: Parkslirekne ved snuplass på Sel, plantingar med sitka og andre bartre og dels omfattande spreiding frå desse. Bulke – og sprikemispel i purpurlynghei heilt i sør. Ribbesåtemose nær Heggland. Det er særleg spreiding av framande bartre som er omfattande.

Bruk, tilstand og påverknad: Delar av området har enno dårleg hevd med tett attgroing med einer og gamal røsslyng, og mindre delar er dominert av spreidde bartre. Det er og nokre mindre felt med planta skog som er teken med i avgrensinga. I austre delar har det dei siste åra vore for hardt beitepress i forynga område, medan det i vestre og nordre del, samt gjengrodde delar, er for lågt beitepress. Det er no både beite med storfe, kvit sau og villsau. Den vestre delen er prega av gamal lyng, med ein del attgroing, særleg i sør. I nordre del er det truleg parti som har vore ein del gjødsla. Det går eit omfattande turløypenett gjennom området, som er mykje brukt. Særleg i fuktige parti er det mykje trakkskadar i vegetasjonen. Det er sett i gang ulike typar utbetringar av løypenettet.

Skjøtsel og omsyn: Vidareføring av beiting, lyngbrenning og rydding er særst viktig. Beitestrykket må følgjast nøye, slik at brende område får tilstrekkeleg gjenvekst av røsslyng. Vidareføring av frivillige avtalar for å hindra gjødsling og trygga rett beiting og aktiv skjøtsel (rydding-lyngbrenning) er avgjerande. Det må ikkje gjødslast, og leggst opp til ein driftsform som krev minst mogleg tilleggsforing. Eventuell tilleggsforing bør skje i god avstand frå verdsett område. Framande treslag og mispelartar bør bekjempast manuelt.

Heilskapleg landskap: Ein avgjerande del av utvald kulturlandskap både ut frå areal og landbrukshistorie. Fleire av gardane i/ved området har bygningsmasse, tun og drift som på mange måtar fell godt inn i heilskapen saman med dei gamle kulturmarkene. Området er og nytta svært mykje til turgåing.

Verdisetting: Verdien er sett til svært viktig (A) -dette kan forsvarast for dei velskjøtta delane og for lynghei med purpurlyng som ein del av eit heilskapleg kulturlandskap. Men området

vil vera avhengig av å koma over i ein velskjøtta fase utan gjødselpåverknad, overbeiting, sitkaspreiing og anna tilgroing for å forsvare denne verdien på sikt.



Nr. 4 Sørsida av Selsfjellet

Id: BN00004809

Områdenavn: Sørsida av Selsfjellet

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Rasmark, berg og kantkratt

Naturtype: Sørvende berg og rasmarker B01

Utforming: Kalkrik og/eller sørvendt bergvegg

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 36,3 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart. Delvis undersøkt ved feltregistrering av Rune Søyland og John Inge Johnsen 20.06.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Avgrensinga vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995, tekst lagt inn i 2011 av Audun Steinnes, fylkesmannen på grunnlag av litteratur og andre kjelder, særleg John Inge Johnsen. Omfattar lokalitet 46 i Dagestad sin rapport. Lokaliteten er delvis undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Lokalitetsavgrensing og skildring er noko endra av Rune Søyland i oktober 2013.

Stad og naturgrunnlag: Området ligg i den bratte sørhellinga på begge sider av Dalevegen, ned til Mastrafjorden, rett aust for Fenes, aust for Vikevåg. Avgrensinga i nordre del er justert

noko i 2013, sidan grensene for kystlyngheilokalitet høgare i terrenget er justert. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Eksposisjon. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseaanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Tidlegare opne område med rasmark og bergvegger med buskar med nyperoser, begerhagtorn, hassel, fagerrogn og barlind. I seinare år med mykje hassel og askeoppslag. Feltsjiktet er artsrikt og fargerikt der blodstorkenebb, lundstjerneblom, vårmarihand og markjordbær danner tette bestandar. Andre artar er kratthumbleblom, raggtelg, vendelrot, og ei rekkje erterplanter, m.a. vestlandsvikke, skogvikke, sommarvikke, firfrøvikke, tofrøvikke, engtjøreblom, blåklokke, lundgrønaks, vårsalat, lodnefaks, gulmaure, tiriltunge, knoppurt, gjeldkarve, bakkeminneblom, steinstorkenebb, strandlauk m.fl.. I vegmurane veks mjuk sisselrot, blankburkne, olavsskjegg og svartburkne, men her tek bergflette over.

Artsmangfald: Særleg artsrikt område med kantkratt og tørrbakkar. Saman med tilgrensande område i aust det viktigaste området i landet for mjuk sisselrot. Av raudlista artar er det registrert mjuk sisselrot, fagerrogn, vestlandsvikke, barlind, krabbekløver, vårsalat, sandfaks, vestlandsraggtelg og fjordknausing

Framande artar: Bulkemispel og fleire mindre mispelartar veks i området, og det er og platanlønn langsmed vegen.

Bruk, tilstand og påverknad: Opne tørrbakkar er i attgroing sidan området ikkje vert beita lenger. Dette er svært uheldig for fleire fargerike og sjeldsynte artar knytt til opne område. Det vert rydda under kraftlinja av og til, men ryddeavfall vert deponert i området. Dette gir uheldige gjødselverknader i tillegg til å dekkje til opne felt.

Skjøtsel og omsyn: Det bør ryddast yngre treoppslag i tidlegare opne felt, og desse felta bør beitast med geiter eller andre lette dyr. Av omsyn til dei sjeldsynte artane i området bør det berre vere haustbeiting. Ved rydding under kraftlinja bør virket takast ut av området eller brennast på stader med rein ur. Bulkemispel og andre mispelartar i området bør fjernast manuelt. Dersom det ikkje er mogleg å gjeninnføre beiting bør det ryddast manuelt jamnleg.

Heilskapleg landskap: Innfallsport for kulturlandskapsområdet, svært viktig for å oppleve det rike og fargerike plantelivet langs lite trafikkert veg. Fleire av gardane i/ved området har bygningsmasse, tun og drift som på mange måtar fell godt inn i heilskapen saman med dei gamle kulturmarkene.

Verdisetjing: Verdien er sett til A-svært viktig på grun av ein særprega, uvanleg og trua vegetasjon med mange regionalt sjeldne artar og fordi området er viktig i landsmålstock for mjuk sisselrot. Denne verdien vil neppe kunna haldast oppe på sikt utan at ein får tilbake eigna beitedyr eller med svært aktiv rydding.



Nr. 5 Sørsida av Selsfjellet; Rumpehaugen

Id: BN00004810

Områdenavn: Sørsida av Selsfjellet; Rumpehaugen

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog F01

Utforming: Kalkrik ask-hasselskog

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 72,7 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Delvis undersøkt ved feltarbeid av Rune Søyland 05.06.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Avgrensinga vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995, tekst lagt inn i 2011 av Audun Steinnes, fylkesmannen, på grunnlag av litteratur og andre kjelder, særleg John Inge Johnsen. Omfattar lokalitet 44 i Dagestad sin rapport. Området Dale- Hodne er høgast prioritert i fylket i "Nasjonal registrering av kulturlandskap" - av dei viktigaste i landet for naturmangfald. Fylkesmannen fekk etter dette utarbeidd ein omfattande dokumentasjon av natur – og kulturverdiar med framlegg til skjøtsel og forvaltning (Dagestad 1995). Er del av Utvald kulturlandskap frå 2009. Lokaliteten er delvis undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylgning av skjøtelsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Avgrensing og skildring er endra noko i oktober 2013.

Stad og naturgrunnlag: Området ligg i den bratte sørvesthellinga rett vest for Dale, aust for Vikevåg på Rennesøy, på begge sider av Dale-vegen. Lokaliteten er utvida noko mot nordaust i oktober 2013, basert på ortofoto og registreringar i Artskart. Berggrunnen er amfibolitt og glimmerskifer dette fører særleg til rikare jord i den sørvestvende brattkanten i sørvest og lausmassane nedanfor. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Frisk-fuktig skog av ask og hassel der bergflette klatrar på stammene og dominerer i skogbotnen og på tørrmurane ved vegen saman med noko vivendel og krossved. I feltsjiktet finst ragtgelg, kusymre, kystmaigull, lundrapp, skogsvinerot, vendelrot, stankstorkenebb, kratthumleblom, hundekveke, skogbingel, svarterteknapp, sanikel, bergfaks og gullstjerne. Få planter med hjortetunge (VU) finst her, bergflette er i ferd med å tyna denne, truleg fordi skogen er ubeita. Det same er i ferd med å skje med mjuk sisselrot i vegmuren og i skogbotn. Denne er berre kjend frå nokre få stader på Rennesøy. Elles førekjem duskbjønnebær sparsamt langs vegen. Heilt i nordre del er eit mindre felt med hagemark.

Artsmangfald: Artsrik edellauvskog, viktig område for to raudlisteartar der området er viktig i region-/landsmålestokk. 36 av 37 funn av mjuk sisselrot i landet dei siste 100 åra er frå Rennesøy. Ein av tre veksestader i fylket av hjortetunge. Liten praktkrinslav VU vart funnen på eik i nordre del, og her er det og funnen fagerrogn NT tidlegare.

Framande artar: Bulkemispel, dielsmispel og blankmispel er registrert i området.

Bruk, tilstand og påverknad: Området har alltid vore skogkledd, men det var ein del beiting fram til 1960. Tilgroing av bergflette truar raudlisteartane, dumping av greiner m.m. frå vegen er og uheldig.

Skjøtsel og omsyn: Innføring av haustbeiting i delar av skogen vil vere positivt. Dette bør kombinerast med at det opnast opp noko i yngre delar av skogen. Mispelartane bør fjernast manuelt frå området. I hagemarksprega del i nord bør ein vurdere noko tynning av yngre lauvtre, og området bør beitast utan at det gjødslast.

Heilskapleg landskap: Viktig landskapselement i utvald kulturlandskap som kan opplevast frå lite trafikkert veg. Fleire av gardane i/ved området har bygningsmasse, tun og drift som på mange måtar fell godt inn i heilskapen saman med dei gamle kulturmarkene.

Verdisetjing: Lokaliteten er sær viktig for to raudlisteartar, og inneheld elles regionalt interessante og sjeldsynte artar og er blitt verdsett som svært viktig ut frå dette.

Nr. 6 Dale

Id: BN00004811

Områdenavn: Hodne-Vikevåg (19)

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming: Frisk fattigeng D0404 og delvis Frisk/tørr middels baserik eng D0407

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 24 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland 19. og 20.06.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Avgrensinga vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995, tekst lagt inn i 2011 av Audun Steinnes, fylkesmannen, på grunnlag av litteratur og andre kjelder, særleg

John Inge Johnsen. Omfattar lokalitet 19 i Dagestad sin rapport. Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylging av skjøtelsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Avgrensing og skildring er endra av Rune Søyland i oktober 2013, og avgrensinga er og noko endra i februar 2014.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar det meste av den ugjødsla og lite gjødsla beitemarka i sørhallinga på nordsida av den austlege garden på Dale. Lokaliteten går i nord over i rik edellauvskog, mot sør grenser han mot fulldyrka mark, bygningar og veg. Skilje mot rik edellauvskog i nord er noko glidande, sidan det har vore beite i denne og. Avgrensing er gjort både med utgangspunkt i GPS punkt og over ortofoto, og avgrensinga reknast som god. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Eksposisjonen er sørleg. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Vegetasjonen er open til delvis open naturbeitemark, med både kamgraseng og frisk fattigeng. Mindre delar har fuktigare utforming av eng, med innslag av sølvbunkeeng. Det er ein del kantskog, og innslag av rik edellauvskog med alm, ask, hassel og svartor. Viktige artar er gulaks, kystmaure, gulmaure, tiriltunge, følblom, blåklokke, musekløver og smalkjempe. Det står få, og spreidde styvingstre av alm og ask i søraustre del, og det er større tre av alm, ask og begerhagtorn i lokaliteten. Fuktig bekkesig i sør med kystmaigull og vassmynte. Engareal med kamgras og musekløver tenderer mot vegetasjonstypen G7b.

Artsmangfald: Området er artsrikt. Ekornsvingel og dvergmarikåpe er registrert her tidlegare, og ekornsvingel vart og funnen i 2013. Fleire raudlisteartar som liten praktkrinslav, kystblåfjellslav, gulfotvokssopp og skorpelavene *Opegrapha vermicellifera* og *Arthonia cinabbarina* er kjent frå området.

Framande artar: Platanlønn finst særleg i området rundt gardane. Akeleie i kanten mot hyttetomt i øvre del.

Bruk, tilstand og påverknad: Særleg vestre delar av lokaliteten har tidlegare blitt gjødsla. Gjerde i austre del mellom lokaliteten og fullgjødsla mark i sør er nyleg fjerna. Dette kan vere uheldig i høve til å styre beitepresset. Stor spreining av myrtistel i juni 2013, og ein del område med stornesle som kan tyde på gjødsling. Det er nokre få styvingstre som med fordel kan vedlikehaldast.

Skjøtsel og omsyn: Det bør haldast fram med sauebeite i lokaliteten. Platanlønn bør ringbarkast eller fjernast på anna vis. Det er mykje myrtistel og til dels åkertistel som bør fjernast manuelt. Sprøyting vil vere uheldig i eit område med sjeldne artar. Tre av begerhagtorn, villapal, eldre alm og ask, samt styvingstre må takast vare på. Nokre av styvingstrea bør styvast på nytt. Yngre lauvoppslag kan fjernast for å oppretthalde beitelandskapet.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår i eit heilskapleg landskap med artsamangfald av nasjonal verdi.

Verdisetjing: Det er noko varierende hevd, med tidlegare gjødselverknad og til dels store problem med tistlar. Sidan lokaliteten er levestad for ei rekke raudlista artar, vert verdien sett til svært viktig



Nr. 7 Svinevika – Kastdal

Id: BN00004813

Områdenavn: Svinevika - Kastdal

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04 40 % Rik edellauvskog F01 40 % Sørvendt berg B01 20 %

Utforming: Vekselfuktig baserik eng D0411

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 97,5 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistreringar av Rune Søyland 13. og 20. juni 2013.

Områdeskildring

Innleiing: Avgrensinga vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995, tekst lagt inn i 2011 av Audun Steinnes, fylkesmannen, på grunnlag av litteratur og andre kjelder, særleg John Inge Johnsen. Lokaliteten omfattar område 13 og 14 i Dagestad sin rapport. Området er høgast prioritert i fylket i "Nasjonal registrering av kulturlandskap" av dei viktigaste i landet for naturmangfald. Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Avgrensing og skildring er endra noko av Rune Søyland i oktober 2013.

Stad og naturgrunnlag: Opne felt med naturbeitemark i veksling med rik edellauvskog som ligg som eit sørvestvendt belte langsmed fjorden sør for Dale. Her er større og mindre felt med opne tørrbakkar og enger, men og store delar som er rik edellauvskog, av varierende

karakter. Det er avgrensa ein rein edellauvskogslokalitet nord for nordre del, og det går og over i rein edellauvskog ved Rosejuvet i sør. Det er vanskeleg å skilje open naturbeitemark og rik edellauvskog, og det er store verdiar knytt til begge naturtypene. I tillegg er det bratte sider som kjem inn under sørvendt berg. Avgrensinga er gjort både ut frå GPS-logg og ortofoto, og vurderast som god. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Eksposisjonen er sørleg og sørvestleg. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: I den sørvestvende skråninga dominerer urterike tørrbakkar med ulike tilgroingsstadier, dels med einer, dels som holt og einskilde tre med ask og alm. Det er framleis godt med opne engareal, sjølv om skogarealet utvidar seg. Begerhagtorn pregar landskapet, villroser kantsonene mot skog. delar av engvegetasjonen høyrer til vegetasjonstypen Veksselfuktig, baserik eng (D0411), med artar som blåstorr, engstorr, hjartegras, dunhavre og vårmarihand, medan andre delar heller mot Frisk/tørr middels baserik eng (D0407), med artar som gulmaure, ryllik, lodnerublom, dvergsmyle, krabbekløver, musekløver, lodnefaks og engtjøreblom. Vegetasjonen er variert og nokre stader er det godt med kamgras. Det er registrert ei rekkje sjeldne og mindre vanlege artar knytt til tørrbakkar og eng. I skrentar og fjellsider kjem det og inn vegetasjon som høyrer meir inn under sørvendte berg, med engtjøreblom og purpurlyng. Nokre stader er det reine holt med rik edellauvskog, men stort sett er det ein mosaikk med blanding av skogs- og engartar. Det er ei rekkje sjeldne artar knytt både til open eng og til rik edellauvskog. I tillegg til skog med alm, ask, hassel, lundgrønaks, nyresoleie, kusymre, skogbingel, skogsvingel, taggbregne, nesleklokke, kyståkermåne, myske, moskusurt, småborre, skuggeborre, skjellrot, gullstjerne og ramslauk, er det innslag av svartorsumpskog med skogfredlaus, kystmaigull, slakkstorr og vassmynte.

Artsmangfald: Av raudlisteartar finst ekornsvingel, dvergmarikåpe og tidlegare også saronnellik, alle kritisk trua –CR. Andre raudlisteartar her er vårsalat VU, perleminneblom EN, krabbekløver NT, mjuk sisselrot NT, fagerrogn NT, barlind NT, purpurlyng NT, sandfaks EN, smånesle VU, snerpfaksmose (*Pleuridium acuminatum* EN), fjordknausing (*Grimmia laevigata* VU), Grannlommemose (*Fissidens pusillus*) VU, Broddskeimose (*Rhyncostegium confertum*) NT, Skorteagnemose (*Rhyncostegiella tenella*) DD, lavene *Opegrapha vermicellifera* VU, *Gyalecta derivata* EN, *Gyalecta truncigena* VU, *Diploica canescens* CR og *Trapeliopsis wallrothii* VU, kystblåfjelllav VU, liten praktkrinslav VU, *Pyrenula macrospora* EN, *Degelia cyanoloma* VU, *Pachyphiale carneola* VU, *Thelopsis rubella* VU, *Biatoridium monasteriense* NT, gul pærelav *Pyrenula occidentalis* NT, *Catapyrenium psoromoides* CR, *Trapeliopsis wallrothii* VU, rødflekklav *Arthonia cinnabarina* VU og olivenlav NT. Elles 3 artar (*Rinodina roboris*, *Caloplaca ulcerosa* og *Nephroma tangeriense*) som bare har noen få kjente lokalitetar i Noreg, og som vil bli vurdert ved neste revisjon av rødlista.) Av sopp er *Cordyceps gracilis* NT kjent frå området. I tillegg til å ha stor verdi for karplanter, sopp, mose og lav, har området eit rikt mangfald av insekt og beitemarksopp, som ikkje er nærare undersøkt. Det finst i tillegg sårbare viltverdiar i området.

Framande artar: Det er registrert bulkemispel og mindre mispelartar i området.

Bruk, tilstand og påverknad: Engene var i høg grad ugjødsle slåttemark tidleg på 1900-talet, beita med storfe fram til 1960, etter det av sau – no i minkande grad. Edellauvskogen er på frammarsj, og det er enkelte stader gjengroing med einerkratt. Beitepresset er no for lågt til at andelen av naturbeitemark vil oppretthaldast, og dette trugar artsamangfaldet i området. Gjengroing med småtre, einer og einstape truar dei opne engareala. Dessutan fører strøppbygging til uønska gjødslingseffektar som vil truge mange artar.

Skjøtsel og omsyn: Det er viktig å få til eit beiteopplegg der opne felt beitast årleg, helst med haustbeite. Eit alternativ kan vere å halde delar av engene opne med slått. Einstape bør fjernast manuelt. Dette gjeld og for myrtistel, som det var ein god del av i 2013. Edellauvtre av ein viss dimensjon må få stå urørte, det same gjeld ståande og liggjande død ved. Ein bør

tynne og rydde i opne felt, ved at ein fjernar einer, bjørk og mindre lauvoppslag. Materiale bør fjernast eller brennast på eit fåtal stader utan sjeldne artar.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein stor del av det mest artsrike området på Rennesøy, og har i tillegg store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Stort område med rik naturbeitemark som delvis må reknast som velskjøtta, og med ei lang rekkje raudlisteartar (fleire CR) og andre sjeldne artar. Truleg eit av dei viktigaste områda i landet for artsmangfald knytt til fleire artsgrupper. Svært viktig(A).



Nr. 8 Rosejuvet

Id: BN00004814

Områdenavn: Rosejuvet

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog F01

Utforming: Alm-Lindeskog

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 13,9 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen.

Områdeskildring

Innleiing: Avgrensinga vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995, tekst lagt inn i 2011 av Audun Steinnes, fylkesmannen, på grunnlag av litteratur og andre kjelder, særleg John Inge Johnsen. Lokaliteten omfattar område 12 i Dagestad sin rapport. Dale-Hodne-

området er høgast prioritert i fylket i "Nasjonal registrering av kulturlandskap" av dei viktigaste i landet for naturmangfald. Lokalitetsskildring og –avgrensing er endra av Rune Søyland i oktober 2013, i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Lokaliteten er ikkje undersøkt i felt av Rune Søyland, men er justert ut frå endringar i tilgrensande lokalitetar, samt plantefelt frå ortofoto.

Stad og naturgrunnlag: Området ligg i stupbratt terreng ned til Mastrafjorden på sørsida av Rennesøy. Berggrunnen er amfibolitt og glimmerskifer dette fører særleg til rikare jord i den sørvestvende brattkanten i sørvest og lausmassane nedanfor. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (O3t). *Naturtyper og vegetasjon:* Ein del edellauvskog har klart å klora seg fast. Alm og ask, (begge nær trua-NT) og hassel er vanlege. Her finst eit frodig feltsjikt med artar som sandfaks (sterkt trua-EN), bergfaks, kusymre, vårmarihand, skogbingel, raggtelg og kyståkermåne.

Artsmangfald: Av raudlisteartar er det registert vårsalat VU, sandfaks EN. Sårbare viltverdiar. *Framande artar:* Sitkaplating i overkant av området - spreidd frå dette. Truleg og fleire mispelartar, som i tilgrensande område.

Bruk, tilstand og påverknad: Området er utilgjengeleg og upåverka i nyare tid bortsett frå sitkafeltet rett over.

Skjøtsel og omsyn: Rydding av planta/spreidd gran, elles fri utvikling.

Heilskapleg landskap: Del av Utvald kulturlandskap, dominerande landskapsverknad frå fjorden.

Verdisetjing: Urørt, frodig edellauvskog med raudlisteartar og regionalt sjeldne artar, skal truleg ha verdi svært viktig ut frå stort artsamangfald. Området er lite tilgjengeleg og derav mindre undersøkt enn tilgrensande område i nord, der fleire titals raudlista soppar, mosar, lav og karplanter er registrerte.

Nr. 9 Dalåker (ikkje undersøkt 2013, aktuelt å slå saman med nr 39?)

Id: BN00004837

Områdenavn: Dalåker

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog F01

Utforming: Utforminger

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: xxx daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen.

Områdeskildring

Innleiing:

Fortsettinga av nasjonalt landskap, delar er naturbeitemark/skogsbeite, kystblåfildlav, gullstjerne (mye), edelløvskog mye ask, fingersopp(er), stor eik, hassel.

Stad og naturgrunnlag: Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Eksposisjon. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtyper og vegetasjon: Naturbeitemark gullstjerneutforming, hassel-askesog, nordvend kystberg

Artsmangfald: gullstjerne, vårmarihand, moskusurt, kusymre, nyresoleie, vårkål, skogbingel, kystmaigull

Rødlistearter: *Arthonia cinabbarina*, *Opegrapha vermicellifera*, *Parmotrema perlata*

Framande artar: sitkagran

Bruk, tilstand og påverknad: adlj

Skjøtsel og omsyn: daf

Heilskapleg landskap:

Verdisetjing: dsf

Nr. 10 Vestsida av Dalsfjellet

Id: BN00004812

Områdenavn: Hodne-Vikevåg (15,16)

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog F01

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 134,1 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland 19.06.2013.

Områdeskildring

Innleiing: vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995, tekst lagt inn i 2011 av Audun Steinnes, fylkesmannen, på grunnlag av litteratur og andre kjelder, særleg John Inge Johnsen. Lokaliteten omfattar område 15 og 16 i Dagestad sin rapport. Området er høgast prioritert i fylket i "Nasjonal registrering av kulturlandskap" av dei viktigaste i landet for naturmangfald. Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtelsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Skildring og avgrensing er endra av Rune Søyland i oktober 2013.

Stad og naturgrunnlag: Eit belte med variert rik edellauvskog som ligg mellom lågareliggande naturbeitemark/rik edellauvskog og gjødselpåverka beitemark og kystlyngheivegetasjon på nordsida. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Eksposisjon er i stor grad sørleg. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtyper og vegetasjon: Variert edellauvskog med hassel, ask, alm, eik, svartor og varierende innslag av bjørk og rogn. Det er litt svartorfastmarksskog der feltsjiktet ser beitepåverka ut, og det er særleg beitepreg i kanter mot sør. Feltsjiktet er i stor grad rikt, med artar som skogbingel, lundrapp, lundgrønaks, raggtelg, skogsvingel, nesleklokke, ramslauk, myske, moskusurt, kusymre, slakkstorr, vårmarihand, nyresoleie og storfrytle.

Artsmangfald: Regionalt sjeldne artar finst her, mellom andre gullstjerne, skogstorr, trollurt, bergfaks, svarterteknapp, junkerbregne, kjempesvingel, nattfiol, kyståkermåne og kystmaigull. Av raudlista artar er det registrert mjuk sisselrot NT, indigobarksopp NT, ametystkantarell NT, sauevokssopp VU, lavartene *Thelopsis rubella* VU, *Pachyphiale carneola* VU, *Gyalecta truncigena* VU og *Pyrenula macrospora* EN, *Arthonia cinnabarina* VU, *Parmotrema perlata* VU, *Opegrapha vermicellifera* VU.

Framande artar: I nedre del er det platanlønn, og det er nokre små felt med planta gran og spreidde misplar *Cotoneaster* spp.

Bruk, tilstand og påverknad: Edellauvskogen har litt beitepreg. Det er tidlegare teke ut ved her, og skogen er ikkje veldig gammal. Det er noko daud ved, men ikkje store mengder. Noko

infrastruktur i form av ei hytte og ein mindre veg er teken med i avgrensinga, for å fange opp viktige delar av skogen og få ei funksjonell avgrensing.

Skjøtsel og omsyn: Beite med sau i utkantane og småfelt kan med fordel fortsetje. Gran, platanlønn og mispelarter burde vore fjerna. Ringbarking av gran er aktuelt i utilgjengeleg felt. Elles bør skogen få utvikle seg fritt.

Heilskapleg landskap: Skogen utgjer ein svært viktig del av det heilskaplege kulturlandskapet på Dale.

Verdisetjing: Skogen er svært artsrik med mange sjeldne og raudlista artar, og kvalifiserer for svært viktig ut frå høgt artsmangfald.



Nr. 11 Nordaust av Rosejuvet

Id: NY

Områdenavn: Nordaust av Rosejuvet

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming: Purpurlinghei D0706

Verdi: A

Utvald naturtype: Ja

Areal: 22,7 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland 10.10.2012.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Lokaliteten blei undersøkt 10.10.2012, og er skild ut som eigen lokalitet sidan det her er ein god førekomst av purpurlyng, og relativt god hevd på vegetasjonen.

Stad og naturgrunnlag: Eit mindre felt med purpurlynghei som ligg vest for Hodnenuten. Lokaliteten er avgrensa av plantefelt i nord og vest, og gjødselpåverka beitemark i aust. Nordvest for lokaliteten ligg eit restaureringsfelt for lynghei som er dominert av yngre plantefelt av sitkagran. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Eksposisjonen er sørleg. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Tørr lynghei dominert av røsslyng, men med parti med purpurlyngutforming.

Artsmangfald: Forutan purpurlyng er det spreidde einerbuskar, gulaks, knegras, finnskjeegg og smyle. Nokre få mindre bjørketre.

Framande artar: Omkransa av sitkagran

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten verkar å ha vital røsslyng og purpurlyng, og området blir beita jamnleg av sau på haust og vinter. Det er elles eit høgt dyretal på den aktuelle eigedommen, men det er ikkje teikn til overbeiting, og heller ikkje umiddelbar trugsel om forfall eller attgroing. Det går ei turløype i kanten av lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn: Omkringliggjande sitkafelt burde vore fjerna, og arealet av kystlynghei kunne vorte auka ved å rydde yngre sitkagran mot nordvest. Småtre av bjørk og enkelte einarar kunne vore fjerna, men det er lite attgroing. Framhald i sauebeite er ynskjeleg. Lyngbrenning bør unngåast her, sidan arealet av fin lynghei er lite, og grensar til store område beitemark med mykje beitedyr.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår i eit viktig utvald kulturlandskap, men er i stor grad prega av omkransande sitkagranskog.

Verdisetjing: Utformingar av reine tørrheiar er ein sterkt truga naturtype, og utformingar med raudlistetarten purpurlyng er spesielt truga. Lokaliteten er i god hevd og er gitt verdi svært viktig.



Nr. 12 Hodnenuten

Id: NY

Områdenavn: Hodnenuten

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07 50 % og Naturbeitemark D04 50 %

Utforming: Tørr lynghei D0701 Fuktig lynghei D0703 Frisk fattigeng D0404

Verdi: B

Utvald naturtype: Ja

Areal: 145 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistreringar av Rune Søyland 10.10.2012 og 20.06.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Området var i 1999 lagt inn i eit større område med kystlynghei, men er no skild ut som eigen lokalitet. Dette er gjort mellom anna sidan eit belte med planta granskog skilje lokaliteten frå større lyngheiområde mot nord, men og sidan vegetasjonen her er ein mosaikk av naturbeitemark og kystlynghei.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar Hodnenuten og den minst gjødselpåverka vegetasjonen som inngår i beiteområdet her. Avgrensinga er i stor grad basert på vurdering av gjødselpåverknad ut frå karplanter. Nærare undersøking av beitemarkssopp kan tilseie anna avgrensing. Avgrensing er basert både på feltarbeid med GPS og bruk av ortofoto, og reknast som god. Området har tidlegare vore kystlynghei, men er delvis blitt gjødsla opp.

Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Vegetasjonen er delvis kystlynghei, med tørr lynghei som dominerande type. I den nordaustvendte delen for Hodnenuten er det lynghei med bærlyngpreg, særleg blokkebær. Det er spreidde einerbuskar og få tre av ask, bjørk, rognasal og rogn. Kystlyngheiartar som røsslyng, klokkelyg, krypvier, tepperot, bjønnskjegg, kystmyrklegg og smyle er vanlege. Mange delar har meir preg av naturbeitemark, med ryllik, smalkjempe, gulaks, finnskjegg, kystmaure, engfrytle, markfrytle og hårsvæve. Relativt hardt beitepress og tidligare gjødsling kan vere årsaken til at kystlyngheivegetasjonen i stor grad går over mot naturbeitemark.

Artsmangfald: Purpurlyng NT veks spreidd i lokaliteten, men det er ikkje utformingar med denne. Av beitemarkssopp vart det funnen raud honningvokssopp VU, gul vokssopp, seig vokssopp og honningvokssopp. Området er i liten grad undersøkt for beitemarkssopp, og lokaliteten må vurderast å ha stort potensial for sjeldne soppartar. Området er stort, og nærare undersøkingar av beitemarkssopp kan tilseie justeringar i avgrensingane. Lodnefaks vart funne nokre få stader.

Framande artar: Platanlønn har spreidd seg frå tunet ved garden men vart ikkje registrert inne i lokalitetsavgrensinga. Mot tunet vaks det og spaniablastjerne.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er ein del av eit større lyngheiområde som delvis er blitt gjødsla opp. Området blir beita med kvit sau og villsau heile året. Om vinteren kan dyra gå inn i driftsbygning ved garden, og dei blir tilleggsfora her. Store delar av området blei brent våren 2013, og har fin gjenvekst. Mykje av eineren i området ser ut til å ha bukka under for den langvarige barfrosen våren 2013. Det er elles rydda mykje einer i området.

Skjøtsel og omsyn: Heilårsbeite bør halde fram utan tileggsforing ute, som no. I område med røsslyng er det lite behov for forynging med lyngbrenning dei neste åra, men brenning av enkelteinarar for å tynne desse er aktuelt. I område der det er tett med einer bør denne tynnast. Ved rydding og brenning bør det setjast att spreidde einerbuskar. I område som blei brende i 2013 bør ein vurdere om tilveksten av røsslyng er god nok, og justere beitetrykk om det blir for hardt beita. Det må ikkje gjødslast eller gjerast andre inngrep i lokaliteten.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein viktig del av det utvalde kulturlandskapet på Rennesøy, og Hodnenuten er eit svært mykje besøkt turmål med godt utsyn til fjordane og Ryfylke.

Verdisetjing: Overgang mot naturbeitemark skyldas tidlegare gjødsling og hardt beitepress, og som kystlynghei vurderast området som ein B-lokalitet. Som mosaikk av naturbeitemark og kystlynghei er området interessant, og nærare undersøkingar kan tilsei ein høgare verdi.



Nr. 13 Søraust av Myrkjavatnet

Id: NY

Områdenavn: Søraust av Myrkjavatnet

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei

Utforming:

Verdi: C

Utvald naturtype: Ja

Areal: 322 daa

Undersøkt/kjelder: Området ikkje nærare undersøkt i felt, men avgrensa på ortofoto då kysthei er ein utvald naturtype

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er lagt inn av Rune Søyland i oktober 2013, i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Det avgrensa området er ikkje blitt undersøkt i felt. Området er skild ut som eigen lokaliteten sidan denne ikkje heng saman med det større lyngheimrådet Longafjellet.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten er skild ut som eigen ut frå ortofoto, sidan fulldyrka og gjødsla beitemark skiljer lokaliteten frå større lyngheimråde i nordvest. Avgrensinga vil vere usikker til ein får undersøkt randsoner nærare i felt. Beiteområde som framstår som gjødsla på ortofoto kan innehalde viktige naturverdiar. Berggrunnen består av *Tonalitt til granodioritt, foliert, stedvis rik på inneslutninger* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtyper og vegetasjon: Ukjent

Artsmangfold: Ingen registreringar i Artskart.

Framande artar: Ukjent

Bruk, tilstand og påverknad: Ukjent

Skjøtsel og omsyn:

Heilskapleg landskap:

Verdisetjing: Det er usikkert kva verdi lokaliteten har, men det er truleg at dette er ein restlokalitet av fattig utforming. Foreløpig er området verdisett til lokalt viktig, men det lyt gjerast nærare undersøkingar i felt før endeleg verdisetjing.

Nr. 14 Førsvoll S

Id: NY

Områdenavn: Førsvoll S

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype: Ja

Areal: 370,3 daa

Undersøkt/kjelder: Registreringar av John Inge Johnsen og John Bjarne Jordal i 2007. Delvis undersøkt for beitemarksopp av Erik Sten Larsen i september 2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er lagt inn av Rune Søyland i oktober 2013, i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtelsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy, men det avgrensa området er ikkje blitt undersøkt i felt. Området er skild ut som eigen lokaliteten sidan denne ikkje heng saman med det større lyngheiområdet Longafjellet. Nordre del av lokaliteten er delvis undersøkt av Johnsen og Jordal i 2007 og Erik Sten Larsen i september 2013.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten er skild ut som eigen ut frå ortofoto, sidan fulldyrka og gjødsla beitemark skilje lokaliteten frå større lyngheiområde i nordvest. Avgrensinga vil vere usikker til ein får undersøkt randsoner nærare i felt. Beiteområde som framstår som gjødsla på ortofoto kan innehalde viktige naturverdiar. Berggrunnen består av "Tonalitt til granodioritt, foliert, stedvis rik på inneslutninger" (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtyper og vegetasjon: Truleg ein mosaikk av kystlynghei og naturbeitemark. Nordre del mot Førsvollvatna er kraftig attgrodd med einer.

Artsmangfold: Langs sørsida av vatnet veks bustsmyle(VU-sårbar) - denne lokaliteten saman med lokalitet på Ognøy utgjer nordgrensa for denne sørlege, trua arten. Det er elles observert ei rekkje beitemarkssopp i nordre del utan at desse er nærare registrert.

Framande artar: Ukjent

Bruk, tilstand og påverknad: Ukjent

Skjøtsel og omsyn:

Heilskapleg landskap:

Verdisetjing: Det er usikkert kva verdi lokaliteten har. Foreløpig er området verdisett til viktig, men det lyt gjerast nærare undersøkingar i felt før endeleg verdisetjing og avgrensing.



Nr. 15 Vikefjellet-Selsfjellet

Id: NY

Områdenavn: Vikefjellet-Selsfjellet

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming: Fuktig lynghei D0703 Tørr lynghei D0701 Beitemyr D02

Verdi: B

Utvald naturtype: Ja

Areal: 777,1 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistreringar av Rune Søyland 5. og 13.06.2013. Feltregistrering i nordre del av Erik Sten Larsen sommaren 2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Lokaliteten er skild ut som eigen lokalitet frå ein større lyngheilokalitet som var lagd inn av Audun Steinnes i 1999. Området er skild ut sidan det ikkje heng saman med lyngheiområda lenger aust, og i tillegg ser ut til å ha lågare verdi enn dette området. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i oktober 2013, basert på eige feltarbeid og tilgjengelege opplysingar. Den nordvestlege delen mot Vikestemmen er ikkje undersøkt i 2013.

Stad og naturgrunnlag: Område med kystlynghei som omfattar dei minst gjødselpåverka delane av Selsfjellet-Grønamyr-Vikafjellet området. Avgrensinga er basert både på feltarbeid

med GPS, og ortofoto. Nordvestre del er ikkje undersøkt, og her er avgrensinga meir usikker. Delar i nord vart undersøkt av Erik Sten Larsen i 2013, og nokre justeringar er gjort etter opplysningar frå han. Austre del er i varierende grad påverka av oppgjødsling og tilleggsforing, og må sjåast på som eit restaureringsområde. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Kystlynghei med veksling mellom fuktig utforming, myr og ein del tørr utforming. Mykje av arealet er blitt brend sidan 2006, og med høgt beitepress framstår store delar som ganske grasdominert. Det er mindre delar med fin tørrheutforming og mykje vital røsslyng, men i hovudsak er det enten gjengrodd med einer og bjørk, eller forynga felt med hardt beitepress. Registrerte artar omfattar typiske artar knytt til kystlynghei av fattig utforming. Mengdeartar er røsslyng, klokkeling, tepperot, krypvier, gulaks, engkvein og finnskjegg. artar som heiblåfjør, kystmyrklekk og purpurlyng førekjem meir sjeldsynt. Dei finaste tørrheidelane finn ein nord for Grønamyr, og i eit belte på sørsida av Selsfjellet. På sørsida av Selsfjellet er det og overgangar mot naturbeitemark, med tørrbakker der det kjem inn smalkjempe, kystgriseøyre, kattedot, tiriltunge, ryllik, hårsvæve, kystmaure, markjordbær og bleikstorr. Registrerte artar knytt til myra tilseier at dette er ei fattigmyr.

Artsmangfald: Purpurlyng førekjem sjeldsynt. Raudlista artar er registrert knytt til skogen sør og vest for avgrensinga, men ingen raudlista artar utanom purpurlyng knytt til kystlynghei eller naturbeitemark er registrerte i lokaliteten. Området er ikkje undersøkt for beitemarksopp, og denne artsgruppa kan ha sjeldne artar i området. Asketre står spreidd i søndre del. Liten praktkrinlav VU vart registrert på eik utanfor avgrensa lokalitet, og arten er registrert innanfor området av John Inge Johnsen tidlegare. Det er stort beitepress og mykje trakk i område, og spesialiserte artar knytt til trakk kan ha gode høve.

Framande artar: Unge tre av sitkagran står spreidd i området, spreidde buskar av mindre mispelartar står i sørskråninga av Selsfjellet.

Bruk, tilstand og påverknad: Det er rydda og brent store delar i fire omgangar sidan 2006. Området blir beita med villsau, kvit sau og storfe. Beitestrykket i forynga felt ser ut til å vere høgt, og tilleggsforing i austre del ser og ut til å gje høg gjødslingseffekt. Det er i tillegg gjødsla opp fleire felt i området tidlegare, og det blir enno gjødsla noko i området, utanfor avgrensinga. Andre delar av lokaliteten er kraftig gjengrodd, til dels med einer, og til dels med bjørkeskog. Ein god del rydda materiale er deponert i området.

Skjøtsel og omsyn: Det er behov for rydding og brenning i delar som er gjengrodd. Beitepresset i forynga delar ser ut til å vere høgt, og bør reduserast. Det er lagt opp til eit dyretal og ein beitemodell der det jamnleg tilleggsforast. Det bør leggjast om til ein modell der behovet for tilleggsforing vert så lite som mogleg. Parti med vital røsslyng bør takast vare på, og ved rydding må det setjast att spreidde einarbuskar. Rydding av bjørkeoppslag er viktig i delar av området. Ved opphald i gjødslinga i tilgrensande område er det mogleg å auke arealet av kystlynghei på sikt.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår i utvald kulturlandskap, og omfattar store areal.

Verdisetjing: Arealet er stort, men har varierende hevdtilstand og ulike negative påverkingar. Ei drift som fører til at større delar av området kjem i betre hevd vil kunne auke verdien. Det er ikkje gjort artsregistreringar som tilseier at området bør ha høgare verdi enn viktig. Nærare undersøkingar av ulike artsgrupper kan tilsei høgare verdi.



Nr. 16 Asmarvik hagemark

Id: NY

Områdenavn: Asmarvik hagemark

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Hagemark D05

Utforming: Bjørkehage D0501 Eikehage D0503

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 2,5 daa

Undersøkt/kjelder: Feltregistrering av Rune Søyland 05.06.2013. Dagestad, 1995.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er lagt inn i oktober 2013 av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for garden på Asmarvik. Mot nord grensar han mot gjødselpåverka areal, og i sør går han over i rik edellauvskog der dei øvre kantane er dominert av eikeskog. Avgrensinga i sør er og mot eit gjødselpåverka felt som vert nytta til beite for ungdyr. Området er avgrensa med GPS på feltarbeid, og avgrensinga reknast som svært god. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Eksposisjon. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Nordre del er dominert av ein bjørkehage, der delar av feltvegetasjonen er gjødselpåverka. Stor førekomst av eikelav og truleg liten praktkrinslav på

tre gjer denne delen og verdifull. Her er og eit ope felt med tørrbakkevegetasjon som ikkje er gjødselpåverka. Søndre del har nokre grove eiker og rognasal, og det er og innslag av hassel. Heilt i aust er det og en ugjødsla tørrbakke som er teken med i avgrensinga. Det er litt sørvendt berg i lokaliteten.

Artsmangfald: Utanom raudlista eikelav og liten praktkrinslav er det ein del tørrbakke- og edellauvskogsartar – sistnemnte særleg i kantane. Eikelav er talrik i lokaliteten. Myske, kusymre, lundstjerneblom, engtjørebloom, kystgriseøyre, smalkjempe, markfrytle, blåfjør, hårsvæve og tiriltunge kan nemnast.

Framande artar: Svarthyll. Ein liten mispelart og platanlønn veks like ved, i området kring garden.

Bruk, tilstand og påverknad: Delar av feltvegetasjonen i nord er gjødselpåverka. Her er fleire store tre av eik, bjørk og rognasal, og særleg bjørkehagen i nord har ein fin struktur.

Skjøtsel og omsyn: Det må ikkje gjødselast i lokaliteten. Framhald med beite er viktig. Det må sikrast at einskilde nye hagemarkstre får vekse opp.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer eit fint landskapselement i eit heilskapleg landskap med mange ulike naturverdiar.

Verdisetjing: Lokaliteten har fått verdi svært viktig sidan det her er innslag av sjeldne artar, i kombinasjon med at han inngår i eit heilskapleg kulturlandskap. Hagemark kjem i raudlista for naturtypar inn under kulturmark, som vert rekna som sårbar.



Nr. 17 Knott

Id: NY

Områdenavn: Knott

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04 60 % Kystlynghei D07 40 %

Utforming: Frisk fattigeng D0404 Tørr lynghei D0701

Verdi: A

Utvald naturtype: Ja

Areal: 79,1 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, Soppkurs med John Bjarne Jordal 28.09.2013. Feltregistrering av Rune Søyland 05.06.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er skildra av Rune Søyland i oktober 2013 i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtelsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Registreringar av sjeldne artar beitemarkssopp (Johnsen og Jordal 2008, Per Fadnes mfl 2011, og på beitemarkssoppkurs med Jordal 28.09.2013) viser at området er spesielt rikt på raudlista og sjeldne beitemarkssopp.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar det lite gjødselpåverka høgdedraget Knott, som ligg mellom Niben, Asmarvikstemmen og Asmarvik. Avgrensinga er i stor grad basert på GPS og reknast som svært god. Avgrensinga er stort sett mot gjødselpåverka areal, og i sørvest mot rik edellauvskog i dei bratte skrentane mot fjorden. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oceanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Vegetasjonen er ei veksling av kystlynghei og naturbeitemark, og området er i stor grad prega av attgroing med einer og delvis bjørk. Gras- og urtedominerte tørrbakkar har større andel enn kystlyngheivegetasjonen, men begge delar førekjem i ein mosaikk. Røsslyng og krypvier er viktige lyngheiartar som førekjem i store mengder, medan tørrbakkar og beitemark har artar som ryllik, smalkjempe, engfrytle, markfrytle, gulaks, kattedot, tiriltunge, tepperot, kystmaure, og finnskjegg. Krevjande artar som gulmaure veks spreidd.

Artsmangfald: Det er registrert ei rekke raudlista og sjeldne artar av beitemarkssopp: sauevokssopp VU, røykkøllesopp NT, Entoloma atrocoeruleum NT, rødskivevokssopp NT, gulfotvokssopp NT, fiolett greinkøllesopp VU, rosagra grynusserong VU, stanknarrevokssopp VU, grå narremusserong EN, vrangjordtunge VU, raud honningvokssopp VU, rosa grågrynusserong VU, stanknarrevokssopp VU og gulbrun narrevokssopp NT. Av lavartar er liten praktkrinlav VU og skorpelaven Trapeliopsis wahlrothii VU registrert. I tillegg til sjeldne artar er det funne ei rekkje vanlege artar av vokssoppar.

Framande artar: Svarthyll vart registrert

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har truleg vore svært lite gjødselpåverka. Hardt beitepress har truleg bidratt til at det er meir naturbeitemarkspreg enn lynghei. Attgroinga med einer og bjørk er uønska, men har samstundes truleg verna lokaliteten mot oppgjødsling. Det beiter i dag sau og ungdyr i området.

Skjøtsel og omsyn: Einer og bjørk i området bør gradvis tynnast over fleire år, mens ein held oppe beitetrykket. Området bør fortrinnsvis beitast med sau, men ungdyr i begrensa omfang saman med sau kan vere aktuelt. Området er i særklasse for beitemarkssopp, og maskinar og tunge beitedyr som kan påverke jordstrukturen må ikkje nyttast. Rydda materiale bør fjernast frå området og brennast. Skal ein bruke brenning for å tynne einarbuskar lyt ein rydde noko manuelt fyrst, og brenning må skje med stor varsemd. Det er viktig at det skal vere spreidde einerar att i heile området når ein tynnar. Gjødsling og tilleggsforing må ikkje førekoma. I eit mindre felt i aust bør ein fjerne einstape manuelt. Rogn og rognasal bør setjast att ved rydding, det same gjeld begerhagtorn.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår i utvald kulturlandskap, og utgjer eit markant innslag i kulturlandskapet ved Asmarvika.

Verdisetjing: Området er i noko dårleg i hevd i høve attgroing, men er truleg nærast ugjødsla og har eit svært stort mangfald av raudlista artar. Ut frå høgt artsmangfald er det gitt verdi svært viktig. Lokaliteten har truleg høgt potensial for sjeldne insektartar.



Nr. 18 Aust for Niben

Id: NY

Områdenavn: Aust for Niben

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Beitemyr D02 60 % Naturbeitemark D04 40 %

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 27,5 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland 05.06.2013 og 28.09.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Lokalitetsskildring oktober 2013. Lokaliteten er lagt inn som eigen lokalitet sidan han er skilt med klart gjødselpåverka belte frå område med naturbeitemark i sør og nord.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar ei myr og omkringliggjande beitemarksknauser mellom Niben og Knott på Asmarvika. Tydeleg gjødselpåverka belte skil lokaliteten frå naturbeitemarksareal i nord og sør. Avgrensinga er stort sett basert på GPS og reknast som svært god. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Området er delvis gjødselpåverka, og myra er noko drenert langsmed Asmarvikvegen. Myra er ei fattigmyr som er beita, og derfor er naturtypen beitemyr vald. Omkransande areal er både lite gjødsle og gjødselpåverka beitemark, der fine parti har smalkjempe, gulaks, kystgriseøyre, markfrytle, engfrytle, kystmyrklegg, krypvier, kvitveis, følblom, hårsvæve, ryllik, finnskjegg og kystmaure. Det er innslag av kystlyngheiartar, men hovudinntrykket er at det er naturbeitemark.

Artsmangfald: Myrvegetasjonen er fattig med artar som flaskestorr, duskmyrull, torvull, myrhatt, øyrevier og slåtestorr. Tørrare tuer med røsslyng står spreidd. I tilgrensande område er det registrert ei rekkje raudlista beitemarkssopp, og nokre artar er og registrert i denne lokaliteten. Det gjeld raud honningvokssopp VU, sauevokssopp VU, røykkøllesopp NT og Entoloma atrocoeruleum NT. Nokre få tuer med purpurlyng NT veks og i området.

Framande artar: Vart ikkje registrert.

Bruk, tilstand og påverknad: Særleg myra langsmed vegen er kraftig gjødselpåverka, og i delen mot vegen har det og vore grøfta. Området vert beita med ungdyr og sau, og beitetrykket er truleg godt tilpassa området. Kantane av lokaliteten er gjødselpåverka, og det vert truleg ein del indirekte gjødselverknad sidan dyra går på fullgjødsle beite i nærleiken.

Skjøtsel og omsyn: Det må ikkje gjødsle direkte i lokaliteten, særleg gjeld dette i myra frå vegen. Om ein sluttar å gjødsle dei gjødsle belta kring lokaliteten vil ein kunne få eit større, samanhengande område dominert av naturbeitemark. Området har spesielt stor artsrikdom for beitemarkssopp, og utviding av området og spesielle omsyn i kantsonene vil vere svært gunstig. Området bør beitast som før, med tilpassa beitetrykk som hindrar oppslag av lauvtre. Gras- og lyngbrenning i små felt kan vere aktuelt for å halde beitekvaliteten høg. Særleg er dette aktuelt i område der ein sluttar å gjødsle.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår i utvald kulturlandskap, og utgjer eit markant innslag i kulturlandskapet ved Asmarvika.

Verdisetjing: Området er eit mindre felt med verdifull vegetasjon der kantane i stor grad er påverka av gjødsling. Det er funne fleire raudlista artar i området, men på grunn av negative påverknadsfaktorar er det ikkje gitt høgare verdi enn viktig. Opphøyr i gjødsling kan gje høgare verdi på sikt.



Nr. 19 Bø - Klomra

Id: BN00004831

Områdenavn: Bø - Klomra

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming: Fuktig fattigeng D0403 og Frisk baserik eng D0410

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 75 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Jordal og Johnsen 2009. Feltregistrering av Rune Søyland 06.06.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Avgrensinga vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995, tekst lagt inn i 2011 av Audun Steinnes, fylkesmannen på grunnlag av litteratur og andre kjelder, særleg John Inge Johnsen, feltundersøking av John Bjarne Jordal i 2008 og tidlegare naturtypekartlegging. Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i juni 2013, i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Lokalitetsskildring og avgrensinga er endra noko i oktober 2013.

Stad og naturgrunnlag: Området ligg på Bø, i den sørvestvende sørsida av Rennesøy, noko nord for midten, og grensar til sjøen. Avgrensinga er i 2013 endra noko, for å skilje ut klart gjødselpåverka felt i austre del, og for å skilje ut Bøvågen med strandeng og mudderbankar som eigen naturtypelokalitet. Kartavgrensingane bygger framleis på Dagestad 1995, med

mindre justeringar. Det er felt med gjødselpåverknad innanfor lokaliteten, og avgrensinga mot nord er nokre stader vanskeleg. Artsfunn av sjeldne artar i området er i stor grad gjort på knausar i elles gjødselpåverka vegetasjon. Berggrunnen er amfibolitt og glimmerskifer dette fører særleg til rikare jord i den sørvestvende brattkanten og lausmassane nedanfor. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Området er dominert av ulike utformingar av kulturmarkseng dominert av engkvein, gulaks, markfrytle, kusymre og markjordbær. Naturbeitemark er dominerande, men i aust er det delar som har hagemarkspreg. På grunnlendte parti finst tørrenger, eit par stader med dvergmarikåpe. Døme på slik vegetasjon er eitårsknavel, sandarve, sylarve, vårarve, kysløvetann, tiriltunge, tofrøvikke, blåstorr, hjartegras, musekløver, krabbekløver, vårrubom, strandarve, bakkeveronika, fløyelsmarikåpe, bakkeminneblom, steinstorkenebb og trefingersildre, dei tre siste regionalt sjeldne. I bakre del er det ei stripe med framspring av rike berg med sigevatn. I tillegg til rik tørreng på knausane er det her vårmarihand, skogkløver, engtjørebom, dvergmispel og buskar med roser, begerhagtorn, hassel og bergflette. Mykje begerhagtorn er med på å prege området.

Artsmangfald: Dvergmarikåpe CR, perleminneblom EN, snerpfaksmose EN, midjehårstjerne VU, er registrert av raudlisteartar. Steingardar og berg har krevjande mose- og lavflora. Jordal og Johnsen (2009) fann tuvehinnelav *Leptogium gelatinosum*, filthinnelav *Leptogium saturninum*, blågaffelmose *Riccia glauca*, rosettgaffelmose *Riccia sorocarpa*, midjehårstjerne *Syntrichia montana* VU, lauksopp *Marasmius scorodoni*. Regionalt sjeldne karplanter som beskrive under naturtypar er og viktige for lokaliteten.

Framande artar: Platanlønn og planta gran vart registrert i 2013, særleg nær hytteeigedom.

Bruk, tilstand og påverknad: Flate, lausmasserike delar er mest gjødslingsprega med landøyda og andre ugras. Mindre delar av lokaliteten er ikkje med i avtalen og blir aktivt blautgjødsla. Elles høgt beitetrykk med storfe og sau. Det er rydda noko lauvskog i seinare år, der materialet er blitt flist opp og deponert i terrenget.

Skjøtsel og omsyn: Høgt beitetrykk med storfe og sau bør halde fram, men det er sterkt ynskjeleg å få slutt på gjødsling i lokaliteten. Ved rydding bør eldre tre bevarast, og alle tre av begerhagtorn og rognasal. Flisekuttar bør ikkje nyttast sidan dette fører til gjødslingseffekt. Framande treslag bør fjernast frå området.

Heilskapleg landskap: Området er ein del av Helland-Bø som er av dei høgast prioriterte i fylket i "Nasjonal registrering av kulturlandskap" av dei viktigaste i landet for naturmangfald. Store kulturminne- og friluftsverdiar

Verdisetjing: Området (ugjødsla del) må i hovudsak reknast som velskjøtta. Minst to lokalitetar med kritisk trua art, fleire andre raudlista og regionalt sjeldne artar og stort innslag av rike enger, tilseier verdi svært viktig(A).



Nr. 20 Klområ –Hesthammar

Id: BN00004796

Områdenavn: Klområ –Hesthammar

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming: Frisk baserik eng D0410

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 130,7 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Jordal og Johnsen 2009. Feltregistrering av Rune Søyland 06.06.2013.

Områdeskildring

Innleiing: : Avgrensinga vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995, tekst lagt inn i 2011 av Audun Steinnes, fylkesmannen på grunnlag av litteratur og andre kjelder, særleg John Inge Johnsen. Lokaliteten omfattar område 55 i Dagestad sin rapport. Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtelsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy.

Stad og naturgrunnlag: Området utgjer ein mindre bratt del mot sjøen vest av Nipen. Avgrensinga er justert noko i oktober 2013, basert på feltarbeid med GPS, og i nokon grad ortofoto. Avgrensinga er særleg endra mot rik edellauvskog i nordaust. Avgrensinga vurderast som svært god. Det er store kulturminne- og friluftsverdiar, og sårbare viltverdiar i delar av området. Berggrunnen er amfibolitt og glimmerskifer dette fører særleg til rikare jord i den

sørvestvende brattkanten i sørvest og lausmassane nedanfor. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssesksjon, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Området er dominert av urterike tørrbakkar, mindre rike beiteenger og grashei. Gulaks og engkvein pregar engene, nokre stader og kamgras. Innslaget av kalkkrevjande artar er stort, og det er rike fuktsig. Naturbeitemark er dominerande naturtype, men det er små innslag av kystlyngheivevegetasjon. Begerhagtorn og villrosar pregar kantsonene mot skog. Det er variasjonar i utformingar av engvegetasjonen, men frisk baserik eng er den viktigaste for området. Vassmynte, blåstorr, hjartegras, musekløver, gulmaure, gulsildre og fleire beitemarkssopp er mellom dei krevjande artane. Elles finst artar som gjeldkarve, markjordbær, blåklukke, augnetrøyst, bakkeveronika, musekløver, sommarvikke, færøyløvetann, kystløvetann og kusymre. I rike fuktsig finst bustsevaks (sterkt trua-EN), jærsev (NT), vassmynte, jåblom, blåstorr, hjartegras og gulsildre.

Artsmangfald: Lokaliteten har særst stort artsamangfald, av både sopp, karplanter og mosar. Dvergmarikåpe CR er funnen fleire stader rundt Hesthammarområdet. Elles i sørvesthellinga finst raudlisteartar som vårsalat (sårbar-VU), raggtelg NT, perleminneblom (sterkt trua-EN), sandfaks (sterkt trua-EN), mjuk sisselrot (nær trua-NT), snerpfaksmose (*Pleuridium acuminatum*-sterkt trua-EN), og fjordknausing (*Grimmia laevigata*- sårbar-VU). På ei steinblokk er det tredje funnet av kvit styltesopp (*Tulostoma niveum* EN) i landet. Denne arten har eit svært lite utbreiingsområde i Nord-Europa. Elles vart m.a. følgjande kryptogamar noterte (kor av nokre artar berre kan vere registrerte i tilgrensande naturbeitemark rundt Niben): fjordknausing *Grimmia laevigata* (VU), rosettgaffelmose *Riccia sorocarpa*, midjehårstjerne *Syntrichia montana* (VU), rosa fagerhatt *Calocybe carnea*, gulbrun narrevokssopp *Camarophyllopsis schulzeri* (NT), gul småkøllesopp *Clavulinopsis helvola*, okergul grynhatt *Cystoderma amianthinum*, sinobergrynhatt *Cystoderma terrei*, Entoloma atrocoeruleum (NT), Entoloma caesiocinctum, bronseraudskivesopp Entoloma formosum, lillagrå raudskivesopp Entoloma griseocyaneum (NT), Entoloma kervernii (NT), Entoloma lividocyanulum, Entoloma minutum, vorteraudskivesopp Entoloma papillatum, silkeraudskivesopp Entoloma sericellum, sumpraudskivesopp Entoloma turbidum, skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, liten vokssopp *Hygrocybe insipida*, grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, engvokssopp *Hygrocybe pratensis*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*, skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*, honningvokssopp *Hygrocybe reidii*, raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (VU), elfenbeinhette *Mycena flavoalba*, brunkanthette *Mycena olivaceomarginata*, spiss fleinsopp *Psilocybe semilanceata*, kvit småfingersopp *Ramariopsis kunzei* (NT) og gul nålehett *Rickenella fibula*. Jærsev NT og bustsevaks EN.

Framande artar: Ingen registrerte

Bruk, tilstand og påverknad: I høve til attgroing er vegetasjonen i god hevd, med høgt beitetrykk av sau og storfe. Det er rydda mykje einer og lauvoppslag dei siste åra. Rydda materiale ligg nokre stader att rundt i terrenget. Det er særleg i vestre del teikn etter tidligare gjødselverknad.

Skjøtsel og omsyn: Framhald med høgt beitepress utan gjødsling. Nokre få stader kan det vere aktuelt å tynne meir i eineren, men spreidde buskar bør setjast att. Dei spreidde trea som står att bør få stå. Kvisthaugar som ligg att bør brennast på nokre få stader, gjerne på ur utan vegetasjon. Større dimensjonar kan leggjast inn i rik edellauvskog.

Heilskapleg landskap: Del av eit område med særleg store samla natur- og landskapsverdiar

Verdisetjing: I stor grad velskjøtta naturbeitemark med eit stort tal raudlisteartar. Eit klart A-område.



Nr. 21 Vestsida av Nipen

Id: BN00004795

Områdenavn: Vestsida av Nipen

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog F01

Utforming: Kalkrik ask-hasselskog

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 25,8 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland 06.06.2013

Områdeskildring

Innleiing: Avgrensinga vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995, tekst lagt inn i 2011 av Audun Steinnes, fylkesmannen på grunnlag av litteratur og andre kjelder, særleg John Inge Johnsen. Lokaliteten omfattar område 56 i Dagestad sin rapport. Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylging av skjøtelsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Lokalitetsgrenser og –skildring endra noko av Rune Søyland i oktober 2013.

Stad og naturgrunnlag: Eit belte med rik edellauvskog som ligg mellom naturbeitemark ned mot sjøen og naturbeitemark og kystlynghei i høgda på Nipen, i sørvestskråningane sør av Bø. Avgrensinga er justert både ut frå feltarbeid med GPS og ved bruk av ortofoto. Eksposisjonen er sørvestleg. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn

(NGU). Sørleg eksposisjon. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Skogen er i stor grad dominert av hassel, ask og alm, men med innslag av artar som sølvasal, rognasal og begerhagtorn. Bjørk, osp, rogn, eik og svartor finst og. Utforminga passar ikkje inn i dei aktuelle utformingane i Fremstad og DN-handbok 13, men området har som dei rike edellaauvskogane elles på Rennesøy eit stort mangfald av edellaauvskogartar. Vårmarihand, vårkål, ramslauk, kusymre førekjem i store mengder. Andre viktige artar er lundgrønaks, skogbingel, myske, skuggeborre, raggtelg og kantkonvall.

Artsmangfald: Frodig edellaauvskog med mange krevjande artar. Av raudlisteartar er med sikkerheit mjuk sisselrot NT, trådmoldmose EN, kalkveggmose VU, broddskeimose NT, skorteagnemose DD, *Pachyphiale carneola* VU, *Arthonia cinnaberina* VU, *Opegrapha vermicellifera* VU, liten praktkrinslav VU og rutebroddsopp NT funnen i lokaliteten. Tilgrensande lokalitetar har ei rekkje andre raudlisteartar som nok kan finnast her og, særleg i kantar med beitepåverknad.

Framande artar: Ingen registrerte.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogkantane er delvis beita. Skogen er ikkje spesielt gamal, og har truleg begrensa med daud ved.

Skjøtsel og omsyn: Beiting i kantane kan halde fram som i dag, elles bør lokaliteten få utvikle seg fritt utan inngrep.

Heilskapleg landskap: Del av eit område med særleg store samla natur- og landskapsverdiar

Verdisetjing: Området er gitt verdi svært viktig (A) sidan det er dokumentert stort arts- og landskapsmangfald og til dels er kysthasselkratt med kontinuitet.



Nr. 22 Hesthammar

Id: BN00004794

Områdenavn: Helland-Bø (55a)

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog F01

Utforming: Kalkrik ask-hasselskog

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 1,4 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Opplysningar frå John Inge Johnsen. Registreringar i Artskart. Feltregistrering av Rune Søyland 06.06.2013.

Områdeskiltring

Innleiing: Avgrensinga vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995, tekst lagt inn i 2011 av Audun Steinnes, fylkesmannen på grunnlag av litteratur og andre kjelder, særleg John Inge Johnsen. Lokaliteten omfattar område 55a i Dagestad sin rapport. Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylgning av skjøtelsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Avgrensinga og skiltringa er endra noko i oktober 2013.

Stad og naturgrunnlag: Ei liten «øy» av rik edellauvskog som ligg omkransa av naturbeitemark på Hesthammar, på sørsida av Nipen. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Rik edellauvskog dominert av ask og hassel.

Artsmangfald: Av raudlista artar er trådmoldmose (*Rhyncostegiella pumilum*) EN, kalkveggmose (*Eucladium verticillatum*) VU og skorteagnemose (*Rhyncostegiella tenella*) DD funne her. Området har potensial for raudlista lavartar - raudflekklav (*Arthonia cinnabarina*) VU er funnen. Feltvegetasjonen er rik med ramslauk, kusymre, stankstorkenebb, vendelrot, frøværkål og lundstjerneblom. På eit lite berg i kanten av lokaliteten vart det registrert blankburkne, murburkne og svartburkne.

Framande artar: Ingen registrerte

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er liten, og trea er relativt små. Det er litt daud ved, men ikkje mykje. Feltsjiktet er blokkrikt og ikkje med synleg beitepåverknad. Det er noko beitepåverknad i kantane.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør få utvikle seg fritt mot eldre skog, utan inngrep.

Heilskapleg landskap: Del av eit område med særleg store samla natur- og landskapsverdiar

Verdisetjing: Lokaliteten får verdi svært viktig sidan det er ein rik edellauvskog med fleire raudlisteartar.



Nr.23 Vestsida av Knott

Id: BN00004797

Områdenavn: Vestsida av Knott

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog F01

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 41,4 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland 06.06. og 12.06.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Avgrensinga vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995, tekst lagt inn i 2011 av Audun Steinnes, fylkesmannen på grunnlag av litteratur og andre kjelder, særleg John Inge Johnsen. Lokaliteten omfattar område 46, 53 og 54 i Dagestad sin rapport. Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Litt av nordre del vart undersøkt 06.06.2013, medan litt av søre delen vart undersøkt 12.06.2013. Store delar av dei midtre delane er ikkje blitt undersøkt.

Stad og naturgrunnlag: Rik edellauvskog som ligg i sørvestskråninga frå Hesthammar til Asmarvika. Til dels bratt og utilgjengeleg område, som er lite undersøkt. Avgrensinga er justert noko i 2013, sidan tilgrensande lokalitetar i nord har fått justert sine grenser.

Avgrensinga må reknast som god. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Eksposisjon. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Eikeskog ser ut til å dominere i søndre del, medan nordre del er meir variert. Heile lokaliteten har varierende innslag av hassel, ask, alm, rognasal, begerhagtorn og rosebuskar. Det er ein del ur i feltvegetasjonen, og i søndre del var det nokre opne småfelt med tørrbakkesamfunn. Skogbingel, skogsalat, lundgrønaks, vendelrot, gaukesyre, vårkål, moskusurt og kusymre er blant edellaufskogsartane, medan gulmaure, engtjørebloom, gjeldkarve og hårsvæve er blant tørrbakkeartar.

Artsmangfald: Eikelav NT vart registrert i søndre del. Skogen har truleg eit rikt mangfald av sjeldne artar, der både lav, mose og insekt er aktuelle grupper.

Framande artar: Ingen registrert.

Bruk, tilstand og påverknad: Nordre del har ein del beitepåverknad i kantane, sidan tilgrensande beitemark har ganske høgt beitepress. Større delar av skogen har nok tidlegare vore beita, og er i gjengroingsfase. Det er naudsynt med nærare undersøkingar for å gje ei god skildring av tilstand med tanke på daud ved, alder og anna.

Skjøtsel og omsyn: Området er stort sett bratt og uttilgjengelig. Lokaliteten bør få utvikle seg fritt utan inngrep. Beitepåverking i kantane i nordre del vurderast ikkje som noko problem for verdiane i området, og kan halde fram. Noko manuell rydding rundt begerhagtorn i kantane i nord kan vere aktuelt. Inngrep bør unngåast.

Heilskapleg landskap: Del av eit område med særleg store samla natur- og landskapsverdiar

Verdisetjing: Det er registrert nokre sjeldne artar her, men nærare undersøkingar vil truleg avdekkje ei rekke sjeldne artar. Området tilfredsstiller truleg krava til svært viktig, men er førebels lagt inn som viktig til betre dokumentasjon føreligg



Nr. 24 Nipen

Id: NY

Områdenavn: Nipen

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04 70% Kystlynghei D07 30 %

Utforming: Frisk baserik eng D0410 Tørr lynghei D0701

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 60 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart. Feltregistrering av Rune Søyland 06.06.2013. Delvis undersøkt på soppkurs 28.09.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Avgrensinga vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995, tekst lagt inn i 2011 av Audun Steinnes, fylkesmannen på grunnlag av litteratur og andre kjelder, særleg John Inge Johnsen. Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Området er skilt ut som eigen lokalitet frå eit større, samanhengande kystlyngheiområde, sidan området i størst grad framstår som naturbeitemark. Området er og spesielt artsrikt for beitemarkssopp, med mange raudlista artar.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar Nipen og kantane rundt som ikkje er gjødselpåverka. Lokaliteten er skild ut sidan han i større grad har preg av naturbeitemark enn kystlynghei. Tydeleg gjødselpåverka delar på toppen av Nipen er tekne med, sidan det her er funne fleire raudlista artar av beitemarkssopp. Avgrensinga er i stor grad basert på feltarbeid med GPS, og må vurderast som svært god. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Vegetasjonen er ei blanding av naturbeitemark og kystlynghei, der begge er relativt hardt beita. Fordelinga er eit anslag. Finnskjegg, gulaks, kystgriseøyre, smalkjempe, sauesvingel, kattedot, markfrytle, engfrytle, ryllik, kystmaure, kamgras, hjartegrass og hårsveve er mellom beitemarksartane, medan røsslyng, purpurlyng, blåfjør, tepperot og krypvier er meir typisk for kystlynghei. Hardt beitepress og tidlegare gjødsling er truleg medverkande til at det er meir beitemarkspreg enn preg av kystlynghei. Det veks både vårmarihand og flekkmarihand i området.

Artsmangfald: Forutan purpurlyng NT som finst spreidt, er det registrert mange raudlista artar av beitemarkssopp. Grå narremusserong EN, sitonskivevokssopp EN, raudskivevokssopp NT, kvit, lillagrå rødskevokssopp VU, raud honningvokssopp VU, Entoloma atrocoeruleum NT, Entoloma kervernii VU, Hygrocybe formicata NT, gulbrun narrevokssopp NT, sauevokssopp VU, røykkøllesopp NT og mjølraudspore VU er registrerte. Storalgemose VU og liten praktkrinlav VU er og registrerte på Nipen.

Framande artar: Ingen registrerte.

Bruk, tilstand og påverknad: Tydeleg gjødselpåverking i øvre delar og kantsoner. Det er rydda ein god del einer, og noko ryddemateriale ligg att i terrenget. Delar av heia vart brent i 2013. Det ser ut til å vere hardt beitepress, både av storfe og sau.

Skjøtsel og omsyn: Framhald i beite er viktig, men ein må unngå at det blir vesentleg trakkskadar som følgje av mykje storfebeiting. Skadar på jordstrukturen vil vere uheldig i eit område som er så rikt på beitemarkssopp. Ved vidare rydding bør det kun tynnast i einer, slik at det blir ståande att spreidde einarar. Rydda materiale bør takast ut av området, eller brennast på stader det allereie er brent. Det må ikkje gjødslast eller tilleggsforast, og ved

gjødsling på tilgrensande område bør det leggjast på ei god buffersone. Kystlyngvegetasjonen bør takast vare på – det bør ikkje brennast for ofte i delar som har preg av lynghei.

Heilskapleg landskap: Del av eit område med særleg store samla natur- og landskapsverdiar

Verdisetjing: Lokaliteten er i god hevd, med noko høgt beitepress. Det er ein del gjødselpåverka vegetasjon, men området har ei rekkje raudlista artar særleg av beitemarkssopp. Dette er truleg den viktigaste, kjende, lokaliteten for beitemarkssopp i kommunen.



Nr. 25 Asmarvika

Id: BN00004798

Områdenavn: Asmarvika

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog F01

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 26,7 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland 11.06.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Avgrensinga vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995. Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland 11.06. 2013 i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtarar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy.

Lokalitetane 40, 41 og delar av 39 frå Dagestad (1995) er slått saman til ein lokalitet med rik edellauvskog. Lokaliteten vart ikkje grundig undersøkt.

Stad og naturgrunnlag: Område med rik edellauvskog som ligg aust for Asmarvika, ned mot sjøen. Avgrensinga er basert både på feltarbeid med GPS og bruk av ortofoto, og avgrensinga må reknast som god. Mot nord der det skilt ut ein lokalitet med sørvendte berg og rasmarker, i skrenten ned mot skogen. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oceanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Lokaliteten er slått saman av ein rik edellauvskog, og ein rik edellauvskog som og har hagemarkspreg med eikehage i øvre del. Det ser ut til at det er lenge sidan det har vore beite her, og attgroinga er langt framskriden i opne felt. Det er delvis noko beitepreg ved at det er ein del grasartar i halvopne felt, men edellauvskogsartar veks spreidd til tett i dei delane som vart undersøkte. Hassel dominerer, med ask og eik som andre viktige treslag.

Artsmangfald: Kusymre, myske og skogbingel var det særleg mykje av. Andre noterte artar frå juni var lundstjerneblom, stankstorkenebb, vårkål, skogsvinerot, moskusurt, nyresoleie storfrytle, svartburkne, kratthumleblom, bleikstorr, lundgrønaks, lundrapp og lungenever. Av raudlisteartar veks skorpelavane *Arthonia cinnabarina* VU og *Pachyphiale carneola* VU på hassel. Det er og funne liten praktkrinslav VU og raggtelg NT innanfor området. Av regionalt sjeldsynte artar er filtsåtemose *Campylopus schimperi* registrert nord i området.

Framande artar: Det vart registrert europeisk lerk, platanlønn, snøbær, berberis, mispelartar, og spaniablåstjerne, særleg nær bygning ned mot sjøen.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidligare beitepåverka edellauvskog og hagemark som er i gjengroing. Vegetasjonen er rik edellauvskog og det er ein del grove tre, særleg av eik. Det er noko daud ved, men ikkje mykje. Steingardar vitnar om tidlegare beitebruk.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør få utvikle seg fritt som rik edellauvskog. Hagemarksdelen i øvre del har kome så langt i attgroinga att restaurering vil vere svært arbeidskrevjande. Inngrep bør unngåast. Rydding av yngre oppslag langs med steingardar og rundt bygningar kan vere aktuelt. Framande artar bør bekjempast.

Heilskapleg landskap: Inngår i utvald kulturlandskap.

Verdisetjing: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med fleire raudlisteartar (3 er VU) og kvalifiserer for svært viktig.



Nr. 26 Asmarvik I

Id: BN00004799

Områdenavn: Asmarvik I

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Småbiotop D11

Utforming: Skogholt med engpartier D1105

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 3 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart. Opplysningar frå John Inge Johnsen. Lundberg 2012. Feltregistreringar av Rune Søyland 5. og 11.06.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er lagt inn som naturbeitemark utan nærare skildring fyrste gong i 1999 tufta på Dagestad 1995, kor han ligg som område 42. Lokaliteten er undersøkt 5. og 11. juni 2013 av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylging av skjøtselsplanar og -avtarar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Naturtypen er endra frå naturbeitemark til småbiotop i oktober 2013, og er skildra ut frå registreringar og ulike kjelder.

Stad og naturgrunnlag: Lite felt med tørrbakkar og kantkratt ved Asmarvik. Lokaliteten ligg mellom ein bekk, veg og skrent mot kystlynghei mot nord, og går over i rik edellauskog i aust. Avgrensinga er ikkje endra frå 2009, og i avgrensinga inngår parti som er kantkratt/kantskog og delvis i attgroing med hassel. Avgrensinga reknast som svært god. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU).

Eksposisjon er sørvestleg. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtyper og vegetasjon: Her er tørrbakkar med variert vegetasjon der det tidligare er registrert ekornsvingel. Engvegetasjonen har artar frå frisk fattigeng og delvis frå frisk/tørr baserik eng. I kanten mot vegen er det ein liten sandsvalekoloni i open grusskråning, sidan det tidlegare ser ut til vore teke ut grus her. Dette opne feltet med grus kan vere ein viktig erstatningsbiotop for insektartar. I lokaliteten er det nokre få tre av begerhagtorn, elles kantar med selje, og gjengroing med hassel og litt einer.

Artsmangfald: Det er tidlegare registrert ekornsvingel CR her (Lundberg, 2012). Liten praktkrinslav VU veks på tre ved bekken. På dei opne felta veks det ryllik, smalkjempe, tepperot, tiriltunge, gulaks, smyle, dunhavre, kystmaure, tviskjeggveronika, knollerteknapp, kystgriseøyre og gulmaure.

Framande artar: Spaniablåstjerne stod i kanten mot vest, her var det og berberis og platanlønn like utanfor lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Området har tidlegare vore beita av sau, men er no i attgroing. Ungt oppslag av hassel pregar området. I nordvestre del er det ein del gjødslingspreg med mykje stornesle i opne felt. Einskilde seljetre og hagtorn er av ein viss alder.

Skjøtsel og omsyn: Drift som naturbeitemark med seinsommar-haustbeiting vil truleg kunne ivareta tørrengene best. Det er naudsynt å rydde oppslag av hassel og litt einer. Felt med stornesle bør slåast med ryddesag gjentekne gonger, og materialet fjernast. Tynning av skogen langs bekken for å sleppe til meir lys er aktuelt. Større tre av begerhagtorn bør få stå. Grassviing kan vere aktuelt på våren for å motverke strø og tuedanning som har kome når område har ligge brakk. Dette bør gjerast etter at det er rydda. Sandsvalekolonien bør takast vare på – det bør ikkje takast ut meir masse. Dette kan og vere viktig for insektartar.

Heilskapleg landskap: Inngår i utvald kulturlandskap.

Verdisetjing: Lokaliteten er forfallsprega, men den kritisk truga arten ekornsvingel vart registrert her i 2011. Lokaliteten er verdisett til svært viktig ut frå denne arten. Det er framleis veksehøve for arten her, men det må setjast inn tiltak for at verdien skal oppretthaldast.

Helland-Bø (41), BN00004800 er inkludert i nr 25 Helland-Bø (40), BN00004798.



Nr. 27 Asmarvik aust

Id: BN00004801

Områdenavn: Asmarvik aust

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Rasmak, berg og kantkratt

Naturtype: Sørvendte berg og rasmarker B01

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 4 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart. Feltregistrering av Rune Søyland 11.06.2013

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten vart fyrste gong lagt inn utan nærare skildring i 1999 basert på Dagestad 1995, kor han ligg som område nummer 39 Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylging av skjøtelsesplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Bare delar av lokaliteten er undersøkt, frå oversida i kanten av kystlyngheia, og eit felt midt i. Undersøkte delar som heilt klart er rik edellauvskog er lagt over i annan lokalitet, medan undersøkte delar og område som heilt klart ut frå ortofoto er opne er tekne med. Avgrensinga og skildringa er endra i oktober 2013.

Stad og naturgrunnlag: Eit belte med bergskrent og opne parti som ligg mellom kystlynghei og rik edellauvskog, aust for Asmarvika. Avgrensinga er justert delvis ut frå feltarbeid med GPS men mest ut frå ortofoto. Avgrensinga reknast som god. Berggrunnen består av

amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Eksposisjon er sørleg. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseaanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Vegetasjonen er knytt til sørvendte berg, med artar som purpurlyng, gulmaure, fjørerkoll og engtjørebloom. Det er open ur i austre del som ikkje er nærare undersøkt.

Artsmangfald: Det er registrert ekornsvingel CR i kanten mot lyngheia, og det er purpurlyng NT her. Det er innslag av både edellauvskogsartar frå skogen nedanføre og lyngheivegetasjon frå heia over. Purpurlyngen vart berre funnen i denne sona, ikkje i lyngheivegetasjonen over. Det er potensial for mange sjeldne artar av karplanter i dei bratte skrentane, men dette er ikkje nøye undersøkt. Del av leveområde for sårbar viltart.

Framande artar: Vart ikkje registrert.

Bruk, tilstand og påverknad: Opne felt i nedkant har tidlegare vore beita med sau, men desse er i attgroing med einer. Attgroinga er ein direkte trugsel mot purpurlyng i lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn: Felt i attgroing burde vore rydda for einer, men skjøtsel med beiting er vanskeleg å få til utan å rydde i hagemarksskogen nedanføre.

Heilskapleg landskap: Inngår i utvald kulturlandskap.

Verdisetjing: Lokaliteten er lite undersøkt, og det er dermed usikkert kva verdi han har. Ut frå registrering av ein kritisk truga raudlisteart er det gitt verdi svært viktig.



Nr. 28 Vest for Litladal

Id: BN00004802

Områdenavn: Vest for Litladal

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Rasmak, berg og kantkratt

Naturtype: Sørvendt berg og rasmark B02

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 45,3 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er lagt inn utan områdeskildring i 1999, basert på Dagestad 1995 kor han ligg som område 24. I samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtelsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy, har Rune Søyland skrive ei områdeskildring ut frå ortofoto, data frå J. I. Johnsen og Artskart. Lokaliteten er ikkje undersøkt i felt.

Stad og naturgrunnlag: Brattlendt område mot sjøen mellom Litladalen og Asmarvika. I vestre del grenser området mot ein planta granskog i nord. Avgresninga er ikkje justert, sidan området ikkje er nærare undersøkt. Området ser ut til å vere ein mosaikk av rik edellauvskog, tørrbakkar gjengrodd med einer, og delvis ur, ut frå ortofoto. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Eksposisjon. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Det er truleg både rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark, og restar av naturbeitemarksvegetasjon på opne tørrbakkar. Naturtypen er ikkje endra sidan det ikkje er faktagrunnlag for dette.

Artsmangfald: Av raudlista artar er det registrert sandfaks EN, vårsalat VU, kystraggtelg DD og vinterraggtelg DD. Frå Dagestad er det og nevnt ekornsvingel CR, og artar som bergfaks, bakkeminneblom, steinstorkenebb, strandlauk og skogsalat. Purpurlyng NT veks truleg i større eller mindre føremon i dei øvre, opne kantane.

Framande artar: Ukjent, men einskildtre frå planta gran har truleg spreidd seg.

Bruk, tilstand og påverknad: Delar av området har tidligare vore beita med sau, men dette held ikkje lenger fram. Tørrbakkedelar er truleg i langt framskriden attgroing. Området er truleg svært artsrikt, men er i liten grad blitt undersøkt.

Skjøtsel og omsyn: Det mest aktuelle er å la området utvikle seg med fri suksesjon, med vidareutvikling av rik edellauvskog og sørvendt berg. Rydding og beiting av tørrbakkar kan vere aktuelt, om det er mogleg å få dette til. I så fall må det takast omsyn til sårbare viltverdiar. Nærare undersøkingar bør liggje til grunn for anbefaling av skjøtsel.

Heilskapleg landskap: Inngår i utvald kulturlandskap.

Verdisetjing: Artsmangfaldet til lokaliteten er berre delvis kjend, men registrering av fleire raudlisteartar med høg kategori gjer at ein kan forsvare verdi svært viktig.

Nr. 29 Litladal

Id: BN00004803

Områdenavn: Litladal

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog F01

Utforming: Usikker

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 47,5 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten vart lagt inn utan nærare skildring i 1999, basert på Dagestad 1995 kor han ligg som område nummer 22. Rune Søyland har skrive ny områdeomtale i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Denne bygger på Dagestad (1995), ortofoto og andre artsregistreringar. Området er ikkje undersøkt nærare i felt.

Stad og naturgrunnlag: Område med innslag av rik edellauvskog med ask og hassel nordvest for Litladalen. Ut frå ortofoto, vurderingar frå avstand og tidligare skildring av Dagestad, er det ein mosaikk av beitebakkar, rik edellauvskog og fattigare lauvskog. Avgrensinga bør endrast etter nærare feltundersøkingar.

Naturtypar og vegetasjon: Truleg ein mosaikk av rik edellauvskog, lauvskog og beitebakkar i attgroing. Ask og hassel er viktige treslag, og det er og innslag av hagtorn. Andelen bjørk og einer aukar i høgda. Det ser ut til å vere svært mykje einstape i området.

Artsmangfald: Av raudlista artar er det registrert pelskjuke EN på basis av ei gamal ask ned mot sjøen, fagerrogn NT og raggtelg NT. Området er i liten grad undersøkt.

Framande artar: Ukjend

Bruk, tilstand og påverknad: Beitebakkar ser ut til å vere i kraftig attgroing, og det er svært mykje einstape i området.

Skjøtsel og omsyn: Dersom grunneigar ønskjer å utnytte beite kan attgrodde felt med einer og yngre lauvskog ryddast. Bekjemping av einstape bør setjast i gang, med systematisk kapping fleire gonger kvar sesong over nokre år. Edellauvskogstre og hagtorn, og alle grove tre, bør setjast att ved eventuell rydding. Det må ikkje gjødslast i området.

Heilskapleg landskap: Inngår i utvald kulturlandskap, og utgjer ein viktig del ned mot gardsmiljøet ved Litladalen.

Verdisetjing: Det er registrert tre raudlisteartar i området, men det er sannsynleg at det kan vere ei rekkje sjeldne artar i området. Sidan det er innslag av rik edellauvskog i området kvalifiserer lokaliteten for viktig. Det er funnen ein EN art nede ved sjøen, men det er uvisst kor stort mangfald det er elles i lokaliteten.

Nr. 30 Litladal aust

Id: BN00004806

Områdenavn: Litladal aust

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Rasmark, berg og kantkratt

Naturtype: Sørvendte berg og rasmarker

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 27,1 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen.

Områdeskildring

Innleiing: Lagt inn utan nærare skildring i 1999, basert på Dagestad 1995 kor han ligg som område nummer 16. Rune Søyland har skrive ny områdeomtale i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Denne bygger på Dagestad (1995), ortofoto og andre

artsregistreringar.. Lokaliteten er ikkje undersøkt i felt. Området bør undersøkjast nærare i felt.

Stad og naturgrunnlag: Skog, skogkant og tørrbakkesamfunn ned mot sjøen langs vegen ut mot Litladalen. Lokalitetsavgrensinga er endra noko i nordaust, sidan det er skild ut ein eigen hagemarkslokalitet, og sidan avgrensinga av kystlynghei er endra. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Området har ein sørleg og sørvestleg eksposisjon. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Truleg ein mosaikk av rik edellauvskog og naturbeitemark. Dagestad har skildra området som ei veksling mellom lysopen edellauvskog, kantsamfunn med rosekratt og tørrbakkar. Sidan området ikkje er undersøkt i felt i 2013, er naturtypen ikkje endra frå sørvendt berg og rasmark. Denne naturtypen utgjer truleg og ein del av lokaliteten.

Artsmangfald: Fleire raudlista og sjeldne artar finst her. Vårsalat VU, krabbekløver NT, vestlandsvikke NT og mosane fjordknausing VU og Skorteagnmose DD, vidare skorpelav som *Pyrenula macrospora* EN, strandhinnelev NT, olivenfiltlav NT, *Arthonia cinnabarina* VU, er registrert av raudlista artar. Skorpelaven *Rinodina roboris* er nyleg funnen som ny for landet i dette området. Regionalt sjeldne artar som skjellrot, kransmynte, tettstorr, sommarvikke, firfrøvikke, tofrøvikke, bergperikum, steinstorkenebb, duskbjørnebear, sølvasal, musekløver, kystmaigull, åkermåne og bakkeveronika finst her. Andre interessante artar er dvergsmyle, strandlauk, gjeldkarve, engtjørebloom, lundgrønaks, nyresoleie, skogbingel, blankburkne, alm, ask og kusymre.

Framande artar: Einskilde mispelartar.

Bruk, tilstand og påverknad: Området vert ikkje beita i dag, men har tidlegare vore beita med sau. Ein må tru at attgroing truar sjeldne artar knytt til opne tørrbakkar i området.

Skjøtsel og omsyn: Rik edellauvskog bør få utvikle seg fritt utan inngrep, medan rydding av lysopne felt kan vere aktuelt dersom det er mogleg å få til skjøtsel med beiting. Ut frå raudlista og sjeldne artar som er registrerte her vil det vere eit føremon med noko rydding og beiting av tørrbakkar.

Heilskapleg landskap: Inngår i utvald kulturlandskap, og utgjer ein viktig del ned mot fjorden.

Verdisetjing: Vegetasjonstype og ei rekkje sjeldne og raudlista artar tilseier verdi svært viktig.

Nr. 31 Nord for Hellandsvågen

Id: BN00004804

Områdenavn: Nord for Hellandsvågen

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog F01

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 39,6 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart. Lundberg 2011. Delar av lokaliteten undersøkt av Rune Søyland 12.06.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lagt inn utan lokalitetsskildring i 1999, basert på Dagestad (1995) kor lokaliteten ligg som nummer 9 og 12. Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylging av skjøtelsplanar og -avtalar for utvalde

kulturlandskapsområde på Rennesøy med ny avgrensing og områdeomtale. Registreringar av John Inge Johnsen.

Stad og naturgrunnlag: Område med edellauvskog på Helland som i stor grad grensar mot fulldyrka og gjødsla mark, og delvis mot beitemark. Avgrensinga er justert både ut frå feltarbeid med GPS og bruk av ortofoto, og avgrensinga må vurderast som svært god. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseinisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Variert rik edellauvskog som er beita i store delar. Hassel og ask er dei viktigaste treslaga, men det er og godt innslag av lind, og eit felt som har preg av svartorsumpskog. Begerhagtorn veks og spreidd. Nokre beita delar har litt nitrofilt preg, men edellauvskogsartar veks i det meste av lokaliteten. Viktige artar er kusymre, storfrytle, stankstorkenebb, svartburkne, kratthumbleblom, myske, skogbingel, skogsalat, lundrapp, vendelrot, vårkål, vårmarihand, bergflette og hundegras. Det er stadvis mykje bregner. Silkekjuke og skogfagermose vart registrert.

Artsmangfald: Av raudlista karplanter finns ekornsvingel CR, Dvergmarikåpe CR, mjuk sisselrot NT, raggtelg NT, av mosar veks fjordknausing VU og skorteagnemose DD, av lav finns *pyrenula macrospora* EN, dvergskjold VU, *pachypiale carneosa* VU, *degelia cyanoloma* VU, *opegrapha vermicellifera* VU, liten praktkrinlav VU, eikelav NT og *Rinodina Roboris* som nyleg er funne som ny for Noreg.

Eikelav NT og liten praktkrinlav VU vart funne. Lavarten *Caloplaca demissa* VU er tidlegare registrert her. Mosearten fjordknausing VU skal finnast på opne berg her. Ekornsvingel CR er funnen eit par plasser nedst i lokaliteten (Lundberg 2011). Dagestad nemner elles mjuk sisselrot NT, og i artskart ligg funn av vestlandsvikke NT.

Framande artar: Einskilde buskar av berberis og dielsmispel.

Bruk, tilstand og påverknad: I skogen er det til dels grov ask og alm, og det er og ein god del daud ved. Dei fleste rike edellauvskogane på Rennesøy ser ut til å ha lite daud ved. Store delar har tydeleg beitepreg, sidan området beitast av sau.

Skjøtsel og omsyn: Edellauvskogen bør få utvikle seg fritt utan inngrep. Sauebeiting i kantane og småfelt bør halde fram, og yngre oppslag av lauvtre kan fjernast i lysopne felt om ynskjeleg. Det må ikkje gjødslast i lokaliteten. Daud ved av visse dimenasjonar må ikkje takast ut frå området, men ryddeavfall ved tynning i lysopne felt bør fjernast.

Heilskapleg landskap: Inngår i utvald kulturlandskap.

Verdisetjing: Til dels rik edellauvskog med ein viss kontinuitet, og fleire raudlisteartar tilseier verdi svært viktig.



Nr. 32 Sør for Hellandsvågen

Id: BN00004846

Områdenavn: Sør for Hellandsvågen

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04 Rikt strandberg G09

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 10,8 daa

Undersøkt/kjelder: Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland 21.08.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten var lagt inn som rikt strandberg i 1999, basert på opplysningar frå John Inge Johnsen. Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Skildring av lokaliteten i oktober 2013, basert på Feltregistreringar i august 2013.

Stad og naturgrunnlag: Beitemark og strandberg på knausane frå Hegningen til Kattaraua på Helland. Lokaliteten er i 2013 utvida til å omfatte store delar vest for opphavleg avgrensing, sidan vegetasjonen er svært lik i dette området. Det er felt med gjødselpåverknad i området. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Hovudnaturtypen er endra frå rikt strandberg til naturbeitemark, sidan dette er dominerande naturtype. Fine felt har mykje kystmaure, kystgriseøyre, hårsvæve, ryllik, følblom, blåklokke, tepperot og tiriltunge, med innslag av knegras og gulmaure. Nokre bratte og tørre parti har røsslyng, og det er og krypvier. Fjørekkoll, kystbergknapp, strandlauk og bitterbergknapp. Strandlauk og gulmaure kan tyde på at det er innslag av kalk i området. Det er mosaikk med rikt strandberg, og det er noko innslag av hagemark dominert av eik.

Artsmangfald: Det vart søkt spesielt etter dvergmarikåpe utan at denne vart funnen i 2013, men arten er funnen i austre del av området tidligare. Lokaliteten har potensielle veksestadar for arten, som er funnen fleire stader i nærområdet. 2013 har vore ein svært dårleg sesong for arten (pers.med. John Inge Johnsen). Ei fagerrogn NT står heilt i nordenden av lokaliteten.

Framande artar: Ingen registrerte, men platanlønn finst i nord kring garden.

Bruk, tilstand og påverknad: Stor variasjon i vegetasjonen når det gjeld gjødselpåverknad, kantar og nokre parti er tydeleg gjødselpåverka. Området beitast av sau. Eik med omkrins på rundt 2 m.

Skjøtsel og omsyn: Det bør ikkje gjødselast i lokaliteten, og beite bør halde fram. Fagerrogn/rognasal, store eiker og grove bjørker bør bevarast.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår i eit heilskapleg kulturlandskap.

Verdisetjing: Det er sannsynleg at lokaliteten er vekseplass for dvergmarikåpe, og kanskje ekornsvingel. Dvergmarikåpe er tidlegare registrert i austre del, men det er uvisst kor viktig lokaliteten er for arten. Ein del gjødselpåverknad gjer at verdien er sett til viktig.



Nr. 33 Steinsland-Helland

Id: BN00004805

Områdenavn: Steinsland-Helland

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming: Fuktig lynghei D0703, Tørr lynghei D0701

Verdi: B

Utvald naturtype: Ja

Areal: 1323 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Lundberg 2011 og 2012. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistreringar av Rune Søyland i 2012 og 2013.

Områdeskildring

Innleiing: Avgrensinga vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995, tekst lagt inn i 2011 av Audun Steinnes, fylkesmannen på grunnlag av litteratur og andre kjelder, særleg John Inge Johnsen. Stort område med kystlynghei som utgjer ei rekkje av lokalitetar frå Dagestad sin rapport. Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Austre delar er undersøkt av Rune Søyland 12.06.2013 og i februar 2013, medan vestre delar er undersøkt 12.09.2012 og 11.06.2013. Ein mindre del i nord vart undersøkt i september 2012. Store delar av området, særleg nordre del, er ikkje blitt undersøkt i felt i 2013. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i november 2013.

Stad og naturgrunnlag: Stor lokalitet med kystlynghei som strekkjer seg frå Helland til Blåberfjellet nord for Asmarvikstemmen. Avgrensinga er justert i 2013, blant anna for å skilje ut område med spesielt høge verdiar og hovudvekt på andre naturtypar i vestre del. Avgrensinga er i nordre del justert noko basert på ortofoto, for å skilje ut fulldyrka og gjødselpåverka jord. Både i austre og vestre del er det gjort justeringar i høve til andre naturtypelokalitetar som er endra. Særleg i nordre del er det enno uvisse kring avgrensinga mot meir gjødselpåverka delar. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av kystlynghei i varierende hevd, med ein mosaikk av tørre og fuktige utformingar. Store delar er i dårlig hevd med attgroing med einer, og nokre stader er det oppslag av ung lauvskog. Fuktige, fattige utformingar ser ut til å dominerer, men mindre delar har tørrhei dominert av røsslyng. Det er og store delar med fattigmyr som ligg som ein mosaikk med andre vegetasjonstypar, i tillegg til at det er varierende innslag av grasdominerte parti i lyngheivegetasjonen. Purpurlyng finst spreidd i delar om området, men ingen parti med utformingar med mykje purpurlyng vart funne.

Artsmangfald: Det er få registrerte raudlistearter innanfor avgrensinga. Unntak for dette er i kanten av lokaliteten ved Varabrekk, Helland, der det er registrert både ekornsvingel CR og dvergmarikåpe CR. Elles finst purpurlyng spreidd i sørhellingar. Det er og funne ein interessant jamneart med uavklart artsstatus på Århei. Området er i liten grad undersøkt for beitemarksopp, med unntak av området ved Blåberfjellet som vart undersøkt noko i 2012, og gnr 10 bnr 2 som og vart undersøkt då. Grå vokssopp vart funnen her, saman med andre vanlege artar som honningvokssopp, seig vokssopp og skjør vokssopp. Tilgrensande område i sørvest har svært stort mangfald av vokssoppar.

Framande artar: Sitkagran har spreidd seg mange stader i området, og lokaliteten grensar og til mange plantefelt av gran.

Bruk, tilstand og påverknad: I austre delar er det gjennomført noko lyngbrenning, og i delar i vest er det rydda mykje eineroppslag manuelt. Det er beite både med villsau og kvit sau i delar av området, men generelt er det dårleg hevd med mykje attgroing av einer. Delar i vest vert og beita noko med storfe. Området er og påverka av spreiding av sitkagran. Mindre delar

har tidligare gjødselpåverknad, og på foringsplass i vestre del ved Asmarvika er det noko uheldig gjødslingseffekt.

Skjøtsel og omsyn: Det er naudsynt med omfattande rydding, brenning og auka beitepress i område som i dag ligg brakk. Tiltak mot sitkagran er og naudsynt. Det må ikkje gjødslast eller tilleggsforast. Betre styring av avbeiting er viktig i delar av området.

Heilskapleg landskap: Området er ein del av utvald kulturlandskap

Verdisetjing: Det er store variasjonar i hevdtilstand, men i hovudsak er det noko dårleg hevd med mykje attgroing. Som eit svært stort område med restaureringspotensial er det gitt verdi viktig. Delområdet ved Varabrekk har større verdi på grunn av to artsførekomstar, men dette ser ikkje ut til å vere representativt for heile lokaliteten. Mindre delområde, særleg mot sør, kan ha større verdi.



Nr. 34 Skafjellet

Id: NY

Områdenavn:

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04 50 %, Kystlynghei D07 30 %, Beitemyr D02 20 %

Utforming: Frisk fattigeng D0404, Tørr lynghei-purpurlyngutforming D0706

Verdi: A

Utvald naturtype: Ja

Areal: 46 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistreringar av Rune Søyland 12.09.2012 og 28.09.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Han er skild ut som eigen lokalitet sidan det her er stor del naturbeitemark, større delar purpurlyngutforming på kystlyngheia, og fleire funn av raudlisteartar som tilseier at lokaliteten bør ha større verdi enn tilgrensande kystlynghei i aust.

Stad og naturgrunnlag: Lite gjødsla delar av Skafjellet ved Asmarvika. Avgrensinga er i stor grad basert på GPS, og reknast som svært god. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Eksposisjonen er sørvestleg for to av skråningane i lokaliteten. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Særleg den sørlege delen har mykje purpurlyng og delar med purpurlyngutforming. Myra har stort sett fattigartar, men jåblom vart funnen. Det meste av lokaliteten har meir preg av naturbeitemark enn kystlynghei, til dels grunna gjødsling og hardt beitetrykk.

Artsmangfald: Purpurlyng NT, sauevokssopp VU, gulfotvokssopp NT, røds-kivevokssopp NT. Edderkopparten *Alopecosa barbipes* EN.

Framande artar: Sitkagran.

Bruk, tilstand og påverknad: Det er direkte gjødselpåverknad i delar av lokaliteten, særleg kantane mot myra og på sjølve myra. Området beitast av sau og storfe, og grenser mot sterkt gjødsla innmark.

Skjøtsel og omsyn: Framhald i beite er viktig, men det må ikkje gjødslast direkte i lokaliteten. Det bør leggjast på ei buffersone for å unngå gjødselavrenning i lokaliteten. Sitkagran bør fjernast manuelt.

Heilskapleg landskap: Inngår i utvald kulturlandskap.

Verdisetjing: Lokaliteten er noko gjødselpåverka, men det er dokumentert fleire raudlista artar. Det er i tillegg purpurlyngutformingar i god hevd her.



Nr. 35 Asmarvikstemmen NV

Id: NY

Områdenavn: Asmarvikstemmen NV

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog F01

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 2,4 daa

Undersøkt/kjelder: Registreringar av John Inge Johnsen. Registrert i felt av Rune Søyland 12.06.2013

Områdeskildring

Innleiing: Lokalteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Lokalteten vart undersøkt i juni 2013, og skildring er av Rune Søyland i november 2013.

Stad og naturgrunnlag: Eit mindre område med rik edellauvskog nær Asmarvika. Lokalteten går i nord over i kystlyngheivegetasjon med attgroing, grensar i aust mot planta gran, og dyrkamark i sør. Avgrensinga er basert på GPS og vurderast som svært god. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Eksposisjon. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtyper og vegetasjon: Rik edellauvskog dominert av hassel, og innslag av ein del ask. Få tre av rogn, bjørk og selje finst og. Feltvegetasjonen består mellom anna av kysymre, lundrapp, kratthumleblom, stankstorkenebb, myske, knollerteknapp, vårmarihand og storfrytle. I berget veks det blankburkne. Av andre bregner er det ormetelg, hengjeveng og einstape.

Artsmangfald: Liten praktkrinslav VU, *Arthonia cinnabarina* VU og *Pachyphiale carneola* VU er registrert her.

Framande artar: Planta gran og sitkagran

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har truleg vore meir beitepåverka tidlegare, men det er mogleg det sporadisk vert beita noko her. Hasselen i skogen er relativt ung, og dette tyder og på meir kulturpåverknad tidlegare. Det er noko gjødselverknad i kantane og ser ut til å ha blitt gjødsla direkte på dei yttarste trea.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør få utvikle seg fritt utan inngrep. Det bør ikkje gjødslast i lokaliteten.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår i utvald kulturlandskap, og skaper ei fin kantsone mellom dyrka mark og kystlyngheia i nord.

Verdisetjing: Lokaliteten får verdi viktig sidan det er ein rik edellauvskog.



Nr. 36 Skafjellet SV

Id: NY

Områdenavn: Skafjellet SV

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Småbiotoper D11

Utforming: Utforminger

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 6,3 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland 12.06.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Dette er ei kantsone med innslag av fleire naturtypar, og det er derfor valgt å legge han inn som småbiotop. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i november 2013.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar den bratte skrenten, skog og beitebakkar sørvest av Skaffjellet under lyngheivevegetasjonen som ligg i eit belte over. Avgrensinga er basert både på GPS og bruk av ortofoto, og reknast som svært god. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Eksposisjon er sørleg og sørvestleg. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Området framstår som eit variert kantkratt med spreidd til tett med einarbuskar, øyrevier, enkelttre av rognasal, med mindre felt med ung edellauvskog. I øvre kant går det over mot tørr purpurlynghei. Det er og innslag av naturbeitemark, med små, ugjødsla tørrbakkar, med artar som kystgriseøyre, gulaks, smalkjempe, kystmaure, tiriltunge, jonsokkoll, engfrytle, markfrytle, blåfjør, hårsvæve og truleg engstorr. I rik edellauvskog, med hasselkrattog einskilde asketre veks kusymre, storfrytle, knollerteknapp og lundrapp. I sørvendt, delvis rikare berg veks krevande artar som gulmaure, engtjørebloom og dunhavre. Det er ein del naken ur i vestre del.

Artsmangfald: Av påviste raudlisteartar er det purpurlyng i øvre del. Området har truleg stort potensial for raudlista insektartar og andre artar knytt til varme kantsoner med variert vegetasjon. Utilgjengelige småhyller i lokaliteten kan og vere veksestad for fleire av dei sjeldsynte karplantene som finst i området. Dette var tidlegare den siste kjende lokaliteten for bakkeseite i kommunen, som er ein regionalt sjeldan art. Del av leveområde for sårbart vilt.

Framande artar: Svarthyll, berberis og sitkagran

Bruk, tilstand og påverknad: Delvis direkte gjødselpåverknad i sør, langs vegen. Tilgjengelege delar i søndre del beitast ein del, både opne felt og småparti mellom hasselkratta. Edellauvskogen i austre del er ung.

Skjøtsel og omsyn: Beite som bidrar til å halde opne parti i hevd bør halde fram, men gjødsling av området bør opphøyre. Framande artar bør fjernast, særleg berberis og gran. Noko tynning av einer og fjerning av bjørk kan vere aktuelt, for å opne opp delar som kan beitast.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område med ei rekke naturverdiar, og inngår i utvald kulturlandskap.

Verdisetjing: Her er innslag av mange ulike naturtypar, men ingen artsregistreringar som tilseier høgare verdi enn viktig. Undersøking av fleire artsgrupper kan tilseie høgare verdi.



Nr. 37 Helland 2

Id: NY

Områdenavn: Helland 2

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming: Frisk fattigeng D0404

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 35,6 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Lundberg 2011 og 2012. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Undersøkt av Rune Søyland 21. august 2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Området er i stor grad gjødselpåverka, men ugjødsla og mindre gjødsla knausar og skråningar i lokaliteten er særskilte viktige veksestader for dei kritisk truga raudlisteartane ekornsvingel og dvergmarikåpe. Førekomen av ekornsvingel i lokaliteten er truleg den største av alle kjende lokalitetar på Rennesøy. Lokalitetsskildring av Rune Søyland november 2013.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten på Helland omfattar skråningar og til dels hagemarksprega beitemark med ein del gjødsla beiteareal innføre avgrensinga. Avgrensinga er basert på feltarbeid, men særleg på registreringar av ekornsvingel og dvergmarikåpe (Lundberg 2011, Artskart). Lokaliteten går i nordvest over i kystlyngheivegetasjon, men er

mot nord og delvis sørvest avgrensa mot fulldyrka og fullgjødsla jord utan potensielle veksestadar for ekornsvingel og dvergmarikåpe. Mot sør går han over i ein rik edellauvskog som til dels er beita. Avgrensinga vert rekna som god. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Mykje av skråningane har ein sørleg eksposisjon. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Store delar av feltvegetasjonen er tydeleg gjødselpåverka, med artar som vassarve, markrapp og engrapp. Veksestadar for ekornsvingel og dvergmarikåpe har til dels finare vegetasjon av frisk fattigeng, med kystmaure, gulaks, engkvein, tepperot og eittårsknavel.

Artsmangfald: Førekomsten av ekornsvingel CR i området vart i 2011 estimert til vel 800.000 strå (Lundberg 2012), medan arten i 2013 berre blei funnen med nokre få strå. Dvergmarikåpe CR vart funnen to stader i lokaliteten i 2011 (Lundberg 2012), men vart ikkje funnen i 2013. Arten er funnen fleire stader i området tidligare. Vekstsesongen 2013 ser ut til å ha vore særleg dårleg for både dvergmarikåpe og ekornsvingel (pers.med. John Inge Johnsen). Fjordknausing VU og *Pohlia flexuosa* DD er tidligare funne i området. Høgda i midtre del av området har ein rik flora av beiemarkssopp inkludert ulike jordtunger.

Framande artar: Ingen registrerte

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er til dels gjødselpåverka, med tydeleg gjødsla felt i mosaikk med lite og ikkje gjødsla vegetasjon. Det er ein del eldre lauvtre som gir eit fint hagemarkspreg på delar av lokaliteten. Nokre få stader har parti med tett einer. Området vert beita med sau. Traktorveg og hyttetomt ligg innanfor avgrensinga.

Skjøtsel og omsyn: Framhald med beiting med godt beitetrykk er viktig. Skråningar, knausar og potensielle veksestadar for dei kritisk truga artane må ikkje gjødslast, medan dei tydeleg oppgjødsla felta bør kunne gjødslast vidare. Ved gjødsling er det viktig å unngå avrenning til skråningar på begge sider av traktorvegen, og høgdar og knausar i gjødsla felt må ikkje gjødslast direkte. Eldre tre som gir hagemarkspreg bør takast vare på, medan einer og til dels unge lauvtre kan tynnast. Det er viktig å halde det lysopent i område. Ved rydding og tynning bør alt materiale fjernast frå området.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår i utvald kulturlandskap, og utgjer eit viktig landskapselement i området.

Verdisetjing: Feltvegetasjonen er generelt fattig, men fine førekomstar av særleg ekornsvingel og dvergmarikåpe tilseier at området skal ha verdi svært viktig. Rik soppflora i delar av området, samt funn av fjordknausing støttar denne verdisetjinga.



Nr. 38 Helland askehage

Id: NY

Områdenavn: Helland askehage

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Hagemark D05

Utforming: Askehage D0506

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 1,9 daa

Undersøkt/kjelder: Felregistrering av Rune Søyland 12.06.2013. Lav bestemt av John Inge Johnsen.

Områdeskildring

Innleiing: Lokalteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Lokaltetsskildring av Rune Søyland november 2013.

Stad og naturgrunnlag: Lokalteten ligg på ei avgrensa flate sørvest for Varabrekk på Helland, mellom delvis attgrodd kystlyngheivegetasjon i nord, og brattlendt edellauvskogsvegetasjon i sør. Er blitt skild ut som eigen lokalitet sidan dei store trea utgjer ei definert hagemark her. Avgrensinga er basert på GPS-punkt for dei store alm- og asketrea, og reknast som sær god. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Naturtypen er sett til hagemark, med askehage som utforming. Grove, gamle tre av ask dominerer, men det er og nokre gamle almer. Det er og noko eik her, særleg i overgangen til rik edellauvskog i sør. Verdiane er knytt til dei gamle trea, sidan feltvegetasjonen verkar direkte eller indirekte gjødselpåverka.

Artsmangfald: Ingen raudlisteartar vart påviste, men trea vart ikkje grundig undersøkte. Av artar kan lungenever, vanlig blåfjellslav, skrubbenever og kystvrenge nemnast.

Framande artar: Bulkemispel og ein mindre mispelart veks i austre kant like ved lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Feltvegetasjonen ser ut til å vere direkte eller indirekte gjødselpåverka. Trea er grove og er truleg svært gamle. Området vert beita med sau.

Skjøtsel og omsyn: Feltvegetasjonen bør ikkje gjødselast. Beiting med sau bør halde fram, og dei gamle trea bør takast vare på. Det er ingen yngre tre i lokaliteten, og det vil truleg vere vanskeleg å rekruttere nye hagemarkstre her. Dersom det vert rydda i tilgrensande kystlyngheivevegetasjon bør ein setje att einskilde tre i grensa mot hagemarka. Ein kan og vurdere å tynne i eiketrea i sør, for å lage eit litt meir lysopent miljø.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår i utvald kulturlandskap, og hagemarka utgjer eit spesielt landskapselement i eit område med store naturverdiar.

Verdisetjing: Det er noko gjødselpåverknad på feltvegetasjonen, og det vart ikkje påvist sjeldne artar som tilseier høgare verdi enn viktig. Det er truleg potensial for raudlista artar, og som del av heilskapleg kulturlandskap kan ein argumentere for høgare verdi.



Nr. 39 Vest for Vikefjellet

Id: BN00004808

Områdenavn: Vest for Vikefjellet

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog F01 Gammal lauvskog F07? (berg/rasmark?)

Utforming:

Verdi: A? B?

Utvald naturtype:

Areal: 174,1 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad 1995, Registreringar i Artskart, opplysninger fra John Inge Johnsen. I liten grad undersøkt i 2013. Se på avgrensning sammen med John Inge Johnsen, kan trolig avgrenses ut fra rødlisteregistreringer.

Områdeskildring

Innleiing: Avgrensinga vart lagt inn utan tekst i 1999, tufta på Dagestad 1995, tekst lagt inn i 2011 av Audun Steinnes, fylkesmannen på grunnlag av litteratur og andre kjelder, særleg John Inge Johnsen. Omfattar lokalitet nummer 53 i Dagestad sin rapport. Lokaliteten er delvis undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Avgrensing og skildring er endra i oktober 2013. Dette er i stor grad gjort ut frå Dagestad (1995), registreringar i Artskart og ortofoto. Avgrensinga er noko usikker, men truleg god.

Lokaliteten bør truleg slåast saman med lokalitet som ligg nord for denne. ?

Stad og naturgrunnlag: Blandingsskog av rik edellauvskog og lauvblandingsskog med bjørk langs vestsida av Vikefjellet. I høgda går det over i kystlyngheivegetasjon, og mot vest i fulldyrka og gjødsla beitemark. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Eksposisjonen er i stor grad vestleg, og delvis nordleg. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Det er mest rik edellauvskog i nedre del, med ask og hassel, medan det er meir bjørk i høgareliggande deler. Det er mykje einer som viser at skogen truleg har vore ein lysopen beiteskog tidligare. Kantar mot vest og delar av skogen er framleis beita, men beitetrykket har nok vore høgare tidligare. Feltvegetasjonen er varierende, men med store delar fattig vegetasjon.

Artsmangfald: Det er funne fleire raudlisteartar her. Mjuk sisselrot NT, barlind NT, kystraggtelg DD, vestlandsraggtelg DD, grøn rødskivesopp NT, kystprikkklav VU, kystblåfjelllav VU, Pachyphiale carneola VU, Arthonia cinnabarina VU og olivenlav NT ?. Bustsivaks EN er funnet i et vått sig. Andre mindre vanlege artar er tannrot, fuglereir, skogbingel, slakkstorr, kystmaigull, galleteppemose, hettekimose, pungmose og rund porelav registrert.

Framande artar: Fleire framande artar er registrert, særleg ned mot busetnad i vest. Bulkemispel, sprikemispel, krypmispel, vintermispel, dielsmispel og haustberberis.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er i gjengroingsfase og har truleg begrensa verdi som kontinuitetsskog knytt til rik edellauvskog og gammal lauvskog. Truleg er det lite daud ved foreløpig.

Skjøtsel og omsyn: Beite bør haldast fram i kantar og eventuelt i opne parti. Gjenopning av tilgrodde parti med einer kan gjerast om grunneigar ynskjer å auke beitebruken. Edellauvtre og gamle tre må sparast ved eventuell tynning, og rydda materiale bør helst fjernast. Ut over dette bør inngrep unngåast, og det bør ikkje gjødslast i lokaliteten. Det bør setjast i gang systematisk fjerning av mispelartar og berberis, og om naudsynt følgje opp med punktspøyting før artane får spreidd seg i stort omfang.

Heilskapleg landskap: Området inngår i utvald kulturlandskap, og skogen er tilgjengeleg frå kommunesenteret Vikevåg.

Verdisetjing: Det er innslag av rik edellauvskog, som gjer at området minst bør få verdi viktig. Det er registrert fleire raudlista artar, men verdien av den reine lauvskogen er noko uviss. Det er registrert ein sterkt truga art, men denne er ikkje direkte knytt til skog. Lokaliteten er under tvil gitt verdi svært viktig.

Nr. 40 Dalestemmen sør

Id: NY

Områdenavn: Dalestemmen sør

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 51,2 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland 19.06.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Lokaliteten låg tidligare inne som ein del av eit større kystlyngheiområde, men er skild ut som eigen lokalitet sidan verdiane i området er knytt til naturbeitemark. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i november 2013.

Stad og naturgrunnlag: Beitemarksområde som ligg sør av Dalestemmen på Dale. Området er i stor grad gjødselpåverka, men fleire sjeldne artar og mosaikk med meir verdifull beitemarksvegetasjon gjer at området bør takast med som naturtypelokalitet. Mot aust grenser lokaliteten mot kystlynghei, mot nord mot Dalestemmen og mot sør mot rik edellauvskog med svakt beitepreg. Avgrensinga er basert både på feltarbeid med GPS og på ortofoto, og reknast som svært god. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Feltvegetasjonen er i stor grad gjødselpåverka, men flekkvis finst finare parti med kamgras, finnskjegg, gulaks, tepperot, blåklukke og andre artar knytt til G4-eng. Det er spreidde større tre særleg av bjørk, men og eit bekkedrag med svartor og litt hassel. Langs bekken veks det bekkeblom og sverdlilje. I sør er det eiketre der det er eit visst hagemarkspreg på trestillinga.

Artsmangfald: Grå narremusserong EN og svartdogga vokssopp NT er funne her, begge to artar med høg indikatorverdi for naturbeitemarker med lang kontinuitet og liten gjødselverknad. I austre del er det tidligare registrert dvergmarikåpe CR. Eikelav NT vart funnen på svartor. Rutebroddsopp NT er dessutan funnen på daud hassel.

Framande artar: Parkslirekne veks like vest for lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Området er i stor grad gjødselpåverka, men funn av raudlista beitemarksoppar med høg indikatorverdi viser at det framleis er verdier knytt til naturbeitemark her. Området vert beita med sau. Det var i 2013 ein del parti med mykje myrtistel og stornesle. Området har vorte mindre gjødsle dei siste åra.

Skjøtsel og omsyn: Framhald i beiting med tilpassa beitepress er viktig. Ein bør slutte å gjødsle området for å auke verdiane knytt til ugjødsle beitemark, sidan det her er registrert fleire raudlista artar. Dersom ein ikkje klarer å halde oppe høgt nok beitepress utan gjødsling, kan ein vurdere kontrollert grassviing for å auke beiteverdien.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår i utvald kulturlandskap, og inngår i eit heilskapleg kulturlandskap med store verdier.

Verdisetjing: Som naturbeitemark er arealet tydeleg gjødselpåverka, og det er vanskeleg å forsvare høgare verdi enn viktig. Det er registrert fleire raudlista artar knytt til naturbeitemark, men dei er truleg knytt til små, lite gjødsle areal innanfor avgrensinga. Raudlisteartane i

området tilseier høg verdi, men heile lokaliteten kan vanskeleg setjast så høgt før det vert noko mindre gjødslingspreg på større delar av området.



Nr. 41 Bøvågen

Id: NY

Områdenavn: Bøvågen

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Havstrand

Naturtype: Strandeng og strandsump G05

Utforming: Hevdet ved beite G0503

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 7,1 daa

Undersøkt/kjelder: Registreringar av John Inge Johnsen og John Bjarne Jordal 2008.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er skilt ut som eigen lokalitet i november 2013 av Rune Søyland, i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtelsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Lokaliteten er ikkje undersøkt i felt i 2013, og er lagt inn på grunnlag av opplysingar frå John Inge Johnsen og tidligare undersøking.

Stad og naturgrunnlag: Strandsona og mudderbankane rundt Bøvågen er avgrensa over ortofoto, og avgrensinga er truleg god. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Den beita strandenga kvalifiserer truleg for naturtypen strandeng og strandsump med artar som musekløver, fjøresaulauk, saltbendel, temynte (stor førekomst), strandkryp, skjørbuksurt, saltsev, raudsvingel og gåsemure. Det er ikkje gjort nærare undersøkingar av mudderbankar, men området er truleg viktig for våtmarksfugl.

Artsmangfald: Temynte er den minst vanlege arten her.

Framande artar: Ikkje registrert

Bruk, tilstand og påverknad: Området vert beita. Området er ikkje undersøkt i felt i 2013, og det er uvisst kva tilstanden er. Tilgrensande område med naturbeitemark er godt nedbeite, og det same gjeld nok for strandengvegetasjonen.

Skjøtsel og omsyn: Framhald i beiting er ynskjeleg.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår i utvald kulturlandskap.

Verdisetjing: Lokaliteten er ikkje spesielt stor, men han inngår som ein del av eit større område med naturbeitemark. Naturtypen er sjeldsynt i kommunen og verdien er sett til viktig.



Nr. 42 Litladalen tørrbakke

Id: NY

Områdenavn: Litladalen tørrbakke

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming:

Verdi: C

Utvald naturtype:

Areal: 8,1 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er lagt inn av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Lokaliteten er ikkje undersøkt i felt, men han vart kort vurdert frå avstand i februar 2013. Truleg er det her tørrbakkesamfunn som skil seg vesentleg frå større lyngheilokalitet i nord, og området bør undersøkjast nærare.

Stad og naturgrunnlag: Mogleg naturbeitemarkslokalitet som ligg på garden Litladal. Området framstår som eit tørrbakkesamfunn med tørr røsslynghei i øvre del, og mykje attgroing med einer. Det er spreidd tresetjing særleg i nedre del, og med større tre. Førebels avgrensing basert på ortofoto. Berggrunnen består av amfibolitt og glimmerskifer, som gir rikare jordsmonn (NGU). Eksposisjonen er sørleg. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Området er truleg ugjødsla eller lite gjødsla, og er potensielt eit artsrikt tørrbakkesamfunn prega av noko attgroing.

Artsmangfald: Uvisst.

Framande artar: Uvisst

Bruk, tilstand og påverknad: Området har ein del attgroing med einer.

Skjøtsel og omsyn: Må avgjerast etter nærare undersøkingar.

Heilskapleg landskap: Inngår i utvald kulturlandskap.

Verdisetjing: Truleg er det her tørrbakkesamfunn som kan ha stort artsamangfald. Nærare undersøkingar er naudsynte for å fastsetje endeleg verdi. Lokaliteten er førebels verdsett til lokalt viktig.



Nr. 43 Sør for Hodnenuten

Id: NY

Områdenavn: Sør for Hodnenuten

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming: Tørr lynghei D0701, Tørr lynghei – purpurlyngutforming D0706

Verdi: B

Utvald naturtype: Ja

Areal: 85,3 daa

Undersøkt/kjelder: Dagestad, 1995. Registreringar i Artskart, registreringar av Audun Steinnes.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten inngjekk i eit større område med kystlynghei som fyrste gong vart registrert i 1999, men er no skild ut som eigen lokaliteten. Området er lokalitet 9 i Dagestad sin rapport. Lokaliteten er skildra av Rune Søyland i februar 2014, i samband med naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtselsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy i 2012 og 2013. Lokaliteten er ikkje undersøkt i felt i 2013, berre frå avstand ovanfrå.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i bratte skråningar ned mot Mastrafjorden sør for Hodnenuten på Hodne, og omfattar eit parti frå Smørstakk til Ormaneset. Lokaliteten er ikkje undersøkt i felt i 2013, men er avgrensa over ortofoto. På ortofoto går det klart fram at det er store parti med røsslynghei her, men avgrensinga er nok mindre god. Berggrunnen er amfibolitt og glimmerskifer – noko som fører til rikare veksehøve i området. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (O3t), og området har ein sørvestleg eksposisjon.

Naturtypar og vegetasjon: Større deler av det avgrensa feltet er tørr lynghei, og det er og utformingar med purpurlyng her. Lokaliteten er frå 1995 omtalt som den sørlegaste populasjonen av purpurlynghei i Norge, sidan samfunnsdannande purpurlyngheiar ikkje finst lenger sør. Lokaliteten bør undersøkjast nærare i felt for å avklare kor store deler som enno er kystlynghei.

Artsmangfald: Området er lite undersøkt, men purpurlyng NT veks her.

Framande artar: Det er plantefelt av gran i nordvestre del, med noko spreidd inn i lokaliteten. Elles er det både registrert bulkemispel og krypmispel her (Steinnes, 2009). Ulike mispelartar veks i urovekkjande stort omfang her (pers.medd. Audun Steinnes).

Bruk, tilstand og påverknad: Området vert ikkje beita no, og er i attgroing. Frå 1995 blei området skildra med vekslende attgroing med ask og einer, og ein del småplanter av gran. Spreidd av framande artar er eit stort problem i lokaliteten, i tillegg til attgroinga.

Skjøtsel og omsyn: Området vert ikkje beita, og ein form for skjøtselsbeiting er naudsynt om naturtypeverdiane skal oppretthaldast. Tiltak bør setjast inn mot mispel og gran. Dersom det ikkje er mogleg å få til skjøtselsbeiting her, bør ein vurdere om periodevis lyngbrenning av vegetasjonen kan gjennomførast for å oppretthalde ei open purpurlynghei.

Heilskapleg landskap: Inngår i utvald kulturlandskap og utgjør eit landskapselement som særleg er synleg frå sjøen.

Verdisetjing: Området er i attgroing, men har enno godt med tørrheiutformingar med mykje purpurlyng. Tørr lynghei og særleg purpurlyngutformingar er sterkt truga natur- og vegetasjonstypar, og verdien er sett til viktig særleg ut frå at det her er mykje purpurlyng.

Nr. 44 Nord for Bøvågen

Id: NY

Områdenavn: Nord for Bøvågen

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming: Frisk fattigeng D0404

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 6,9 daa

Undersøkt/kjelder: Registreringar i Artskart, registreringar av John Inge Johnsen. Jordal og Johnsen 2009. Feltregistrering av Rune Søyland 06.06.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er lagt inn sidan han er veksestad for to raudlista artar, som begge vil tene på at området vert drifta som naturbeitemark utan gjødsling. Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i juni 2013, i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfølging av skjøtelsplanar og -avtalar for utvalde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i februar 2014.

Stad og naturgrunnlag: Området ligg på Bø, i den sørvestvende sørsida av Rennesøy, og utgjør eit område med knausar og kantsoner som er noko mindre gjødsla enn omkransande fulldyrka og fullgjødsla jord. Avgrensinga er gjort ut frå registreringar av raudlisteartar, og over ortofoto. Avgrensinga vert rekna som god. Berggrunnen er amfibolitt og glimmerskifer som fører til rikare jordsmonn. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (O3t).

Naturtypar og vegetasjon: Knausane og tilgrensande areal har grasartar som viser tydeleg gjødselpåverknad, men det er og restar av naturbeitemarksvegetasjon som engkvein, gulaks, og markfrytle. Spredte tre av begerhagtorn er med på å prege området. Vegetasjonen er generelt for gjødselpåverka til å kvalifisere for naturbeitemark, men skal ein ta vare på dei sjeldne raudlisteartane lyt ein skjøtte området ut frå desse førekomstane.

Artsmangfald: Dvergmarikåpe CR og mosearten midjehårstjerne VU er funne her fleire gonger.

Framande artar: Det vart ikkje registrert framande artar.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er til dels sterkt gjødselpåverka. Området vert beita av sau og storfe.

Skjøtsel og omsyn: Høgt beitetrykk med storfe og sau bør halde fram, men det er sterkt ynskjeleg å få slutt på gjødsling i lokaliteten. Det er svært viktig at vekseplassane og dei potensielle vekseplassane til dei to raudlista artane ikkje vert gjødsla. Begerhagtorntrea bør takast vare på.

Heilskapleg landskap: Området er ein del av Helland-Bø som er av dei høgast prioriterte i fylket i "Nasjonal registrering av kulturlandskap" av dei viktigaste i landet for naturmangfald.

Verdisetjing: Området er verdisett ut frå førekomst av ein kritisk truga og ein sårbar art, og det er gitt verdi svært viktig til tross av kraftig gjødselpåverknad.